



DET TEOLOGISKE
MENIGHETSAKULTET

Jesus som livets brød i Johannesevangeliet: nattverd?

Tone Marit Håland Dyrkolbotn

Rettleiar

Professor dr. Karl Olav Sandnes



*Masteroppgåva er gjennomført som ledd i utdanninga ved
Det teologiske Menighetsfakultet og er godkjent som del av denne utdanninga.*

Det teologiske Menighetsfakultet, 2016, haust
AVH5065: Masteroppgåve profesjonsstudiet i teologi (30ECTS)
Cand.theol.
Talet på ord: 21622

Takk

Til min kloke, tydelege og enormt kunnskapsrike rettleiar, Karl Olav Sandnes.

Takk til medstudentar for lange lunsjpausar (og andre pausar), entusiastiske samtalar og eit levande engasjement for kvarandre sine liv og – dette semesteret – oppgåver.

Takk til vener, familie og dei to tålmodige eg deler hus med for at de alltid er der, og for at de dette semesteret har måtta utvida dykkar kompetanse på både Johannesevangeliet og nattverd.

Takk.

Samandrag

I motsetnad til dei tre synoptiske evangelia, Matteus, Markus og Lukas, talar ikkje Johannesevangeliet direkte om nattverd. Kvifor er det slik? Er ikkje nattverd relevant i Johannesevangeliet? Eller kjem det fram på andre måtar? Denne avhandlingsoppgåva har fått følgjande problemstilling: ”*Jesus som livets brød i Johannesevangeliet: nattverd?*” Tanken bak problemstillinga er å dukka djupare inn i Johannesevangeliet, og då særleg Johannes 6, for å forsøka å finna ut kva forfattaren av evangeliet meiner med Jesus som livets brød. Kan det verta tolka som nattverd? Det vert nytta mykje ulik litteratur for å sjå på denne problemstillinga. Kommenterarar frå Moloney¹, Keener², Byars³ og Beasley-Murray⁴ vil særleg vera viktige for sjølve eksegesen, men samstundes vil Koester⁵ og Culpepper⁶ vera viktige stemmer i møtet med Johannesevangeliet som heilskap.

For å arbeida med problemstillinga og Johannesevangeliet på ein god måte har eg vald narrativ metode. Grunnen til det er at Johannesevangeliet består av fleire narrativ, *symbolske narrativ*, og dette vil vera viktig for å forstå og behandla oppgåva, og for å forhåpentlegvis klara å koma fram til ein konklusjon på problemstillinga. Det er ikkje ei problemstilling som får eit klart svar, men konklusjonen vil landa på at Johannesevangeliet ikkje skriv konkret om nattverd, slik synoptikarane gjer og slik me kjenner sakramentet i tradisjonen. Det Johannesevangeliet gjer er å framstilla Jesus som livets brød, som fullendinga, det sanne og uforgjengelege brødet som kjem med evig liv. Slik gjev Johannes 6 meining i- og kan støtta opp om eit nattverdsspørsmål.

¹ Moloney, 1998

² Keener, 2003

³ Byars, 2011

⁴ Beasley-Murray, 1989

⁵ Koester, 2003 og 2008

⁶ Culpepper, 1982

Innholdsfortegnelse

TAKK	3
SAMANDRAG	4
1.0 INNLEIING	6
1.1 MOTIVASJON OG PROBLEMSTILLING.....	6
1.2 METODE.....	7
1.3 SYNOPTIKARANE	7
1.4 SÆREIGE FOR JOHANNESVANGELIET	9
2.0 JOHANNESVANGELIET SIN EIGENART SOM FORTELJING I PERSPEKTIV	12
2.1 VIKTIGHEITA AV HEILSKAPSFORSTÅINGA.	12
2.2 TEIKN OG SYMBOL.....	14
2.3 IRONI	19
2.4 DET UTVIDA PERSPEKTIVET I JOHANNESVANGELIET.....	22
3.0 SYMBOLSKE NARRATIV I JOHANNESVANGELIET	27
3.1 BRUKEN AV DEI SYMBOLSKE NARRATIVA I JOHANNESVANGELIET	28
3.2 MISFORSTÅINGAR – GJENNOMGÅANDE ELEMENT I JOHANNESVANGELIET.....	31
4.0 TEKSTGJENNOMGANG AV JOHANNES KAPITTEL 6	36
4.1 "ARBEID FOR DEN MAT SOM VARER OG GJEV EVIG LIV"	38
4.2 "DET ER FAR MIN SOM GJEV DYKK DET SANNE BRØDET FRÅ HIMMELEN."	41
4.3 JESUS SOM LIVETS BRØD	44
4.4 JESUS SOM SVARET PÅ JØDANE SINE SPØRSMÅL	46
4.5 KROPPEN, TRUA OG DET EVIGE LIVET	48
4.6 KVA ER NATTVERD?.....	50
4.7 JESUS SOM LIVETS BRØD I JOHANNESVANGELIET: NATTVERD?.....	52
5.0 KONKLUSJON	54
6.0 LITTERATURLISTE	58

1.0 Innleiing

1.1 Motivasjon og problemstilling

Kyrkjer over heile verda feirar nattverd kvar veke. Nattverden vart innstifta i Bibelen og har vorte eit av den lutherske kyrkje sine to sakrament. Men i det eine av evangelia, Johannesevangeliet, vert ikkje nattverden innstifta slik som i dei tre andre. Kvifor er det slik?

Johannesevangeliet er eit mysterium. Eit evangelium som skil seg frå dei tre synoptiske evangelia i både form og innhald. Det er vanleg å tenkja at evangeliet inneheld ”to ulike nivå”. Både det som er lett forståeleg og det som ligg meir i djupna. Det meir symbolske. For kva er eigentleg rolla til Johannesevangeliet? Kvifor er det viktig at det er med i Bibelen, så annleis og samstundes så likt som dei tre andre evangelia? Det vert for stort å skriva ei avhandling om alle tankane som svirrar rundt Johannesevangeliet. I tillegg er mykje allereie skriva. Korleis velja noko å skriva om då?

Det har vore viktig for meg å arbeida med noko bibelfagleg når eg først får moglegheita til å skriva ei teologisk avhandling. I løpet av studiet har bibelfaga vore noko av det kjekkaste og mest interessante for meg. Samstundes som eg tenkjer at eg langt i frå er utlært på feltet. I tillegg var det viktig for meg å skriva om noko som er relevant for framtida mi som prest, om noko som er regelmessig i bruk, og ikkje minst noko som er ekstremt viktig for kyrkjetradisjonen eg står i. Ein stor del av ønsket mitt når eg skriv denne avhandlinga er å verta betre kjend med nattverdstradisjonen, dukka lengre inn i tydinga av den. Er det berre ei symbolsk handling, eller stikk det djupare? Særleg viktig er det å finna ut kva eit av dei høgst elska evangelia seier om det – om noko vert sagt i det heile. Difor er eit mål for oppgåva å kartleggja *om*, og eventuelt forstå *kva* Johannesevangeliet skriv om nattverd.

Det vert fort vekt nokre tankar hjå menneske som er litt kjende med bibelsk innhald når ”nattverd i Johannesevangeliet” vert nemnd. Er det nattverd i Johannesevangeliet i det heile? Kva tyder det når Johannes teiknar opp eit bilete av Jesus som ”livets brød”⁷ og oppmodar folk til å både eta kroppen hans og drikka blodet, for å få evig liv⁸ og aldri tørsta eller hungra ved å ta imot og tru?⁹ Kva er det som ligg bak? Det skal denne avhandlinga sjå nærare på.

⁷ Johannes 6, 35

⁸ Johannes 6, 54

⁹ Johannes 6, 35

Men for å få det til må det avgrensast og det er naudsynt med ei problemstilling. Eg har vore litt fram og tilbake for å landa på ei problemstilling som vil kunna opna for alt det eg har ønskje om å finna ut av, men som samstundes er ikkje er for stor. Avhandlingsoppgåva er stor, men langt i frå romsleg nok for alt det ein kunne ha skrive om nattverd. Difor har eg landa på å fokusera på Johannes 6, og då med særleg fokus på samtalen om livets brød, og om nattverden er ein del av den. Difor har alt kokt ned til følgjande problemstilling:

Jesus som livets brød i Johannesevangeliet: nattverd?

1.2 Metode

Johannesevangeliet er eit evangelium som i stor grad består av eit narrativ som utfaldar eit symbol, det me kan kalla eit *symbolsk narrativ*. Generelt har narrativa stor plass i evangeliet, og pregar måten innhaldet vert formidla på. Difor vil denne avhandlingsoppgåva verta skriven i narrativ metode. Det betyr at forteljinga vil vera i fokus. Forfattaren av Johannesevangeliet har ein særskild måte å fortelja på. Han formidlar teologi gjennom forteljingane sine. Ved å nytta narrativ metode vil eg ta utgangspunkt i forteljingane for å sjå nærare på eit særskild emne, nemleg Jesus som livets brød i Johannesevangeliet, då særleg med fokus på Johannes 6. Det kapittelet er, som me skal koma attende til seinare i oppgåva, eit symbolsk narrativ. Difor ser eg på narrativ metode som den beste metoden for å arbeida med problemstillinga.

1.3 Synoptikarane

Johannesevangeliet er nummer fire av dei kanoniske evangelia. Det står i ei særstilling blant dei fire, likevel er det knytt saman med dei tre andre evangelia i Bibelen, dei *synoptiske evangelia*, på mange måtar. Dei fortel alle historia om Jesus, livet hans, om under og gjerningar han gjorde og om det som til slutt enda med at han døydde på krossen og stod opp frå dei døde. Dei er alle fire av same, eller i alle fall liknande, sjanger.¹⁰ Difor er det relevant å sjå dei litt i forhold til kvarandre for å auka forståinga og utvida perspektivet vårt på Johannesevangeliet.

¹⁰ Smith, 2001: 177

Synoptikarane føl kvarandre i stor grad i ei kontinuerlig oppbygging, medan Johannes køyrer meir sitt eige løp. Eit døme er at Johannes ikkje har med noko konkret om Jesus sin fødsel på jorda, noko evangeliet har til felles med Markusevangeliet. Matteus og Lukas på si side fortel om Jesus sin fødsel. I Johannesevangeliet finn me ein prolog som skil seg sterkt frå dei andre evangelia, ein prolog der fokuset ligg på Ordet som var til frå opphavet, og som kom til jorda for å vera lyset i alle menneske sine liv.¹¹

Det er interessant å sjå korleis dei ulike evangelia relaterer seg til historia om Jesus og korleis dei fortel den. Dei har alle spelt ei viktig rolle, både i samtida si, men òg i tidene etter.¹² Felles for dei alle er tanken om Jesus som den Messias jødane hadde venta på, og at Jesus i kraft av å vera Messias, gjorde under og handlingar som gjekk utover det som var menneskeleg mogleg.¹³ Samstundes vert desse handlingane Jesus skal ha gjort framstilt ulikt i Johannes og dei synoptiske evangelia. Hjø synoptikarane utfører Jesus mektige gjerningar (*dynameis*), læking av sjuke og frigjering for dei som er låst av sjukdom og demonar. I Johannesevangeliet er Jesus sine storslagne handlingar kjend som teikn (*semeia*). Teikna i Johannesevangeliet fokuserer på Jesus og å få fram kven han er.¹⁴ Det er berre eitt slikt under som er det same i alle dei fire evangelia; der Jesus metter fem tusen med fisk og brød - *bespisningsunderet*.¹⁵ Det som er særskild i Johannesevangeliet er bruken av dei symbolske narrativa. Desse synleggjer det komplekse samspelet mellom symbolet og narrativet. Kwart narrativ er etablert for å syna eit sentralt symbol, og gjennom narrativet vert symbolet utfolda.¹⁶ Dette vil me koma tilbake til i både kapittel 2 og 3 i avhandlinga.

Finn me spor av nattverd i dei tre synoptiske evangelia? I så fall, korleis er nattverden presentert der? Det er skrive om nattverden Jesus delte ut og hadde saman med læresveinane sine hjå synoptikarane. Hjø både Matteus, Markus og Lukas vert nattverden innstifta i forbindelse med det siste måltidet. Det skjer rett før Jesus vert pågripen og ført fram for å få sin dom.¹⁷ I dei synoptiske evangelia er dette altså annleis enn i Johannesevangeliet. Hjø

¹¹ Johannes 1, 1-18

¹² Smith, 2001: 1

¹³ Smith, 2001: 2

¹⁴ Smith, 2001: 4

¹⁵ Smith, 2001: 5

¹⁶ Lee, 1994: 11

¹⁷ Markus 26, Markus 14, Lukas 22

Johannes finn me ikkje noko innstifting av nattverden i den same, konkrete settinga rett før Jesus vert krossfest.¹⁸

Det er interessant å samanlikna ulike saker i dei synoptiske evangelia og Johannesevangeliet som plasseringa av at Jesus kastar seljarar og pengevekslarar ut or tempelet. I Johannesevangeliet skjer dette i kapittel 2, 13-22, medan det i Matteus, Markus og Lukas kjem mykje seinare i evangelia.¹⁹ Plasseringa av slike forteljingar har gjerne ei djupare tyding enn at det er tilfeldig.

1.4 Særeige for Johannesevangeliet

Koester meiner at alle dei fire evangelia har same grunnleggjande plot.²⁰ Likevel er det relevant for denne oppgåva å her nemna noko av det som er særeige for Johannesevangeliet. For det er inga tvil om at dette evangeliet har eit litt anna innhald og ein annan måte å fortelja historia om Jesus på enn dei andre. Reidar Hvalvik hevdar at Johannesevangeliet er eit godt døme på *narrativ teologi*, sidan evangeliet gjer det implisitte eksplisitt og slik får eit meir teologisk preg enn synoptikarane. For Johannes er hovudsaka å få fram Jesus si tyding og viktighet, og han presenterer dette i ei forteljingsform.²¹ Det er eit par viktige episodar for denne oppgåva som berre er å finna i Johannesevangeliet. Blant desse finn me underet der Jesus gjer vatn om til vin i Kana²², Jesu møte med Nikodemus og samtalen deira om korleis ein kan verta fødd på ny²³, møtet med den samaritanske kvinna og Jesus sine banebrytande ord i dialogen deira²⁴, og Jesus som vekker Lasarus frå døden²⁵. Sjølvst i tillegg til vår nøkkeltokst i Johannes 6. Samstundes er det relevant å nemna at medan dei synoptiske evangelia presenterer Jesus si undervisning kort, inkluderer Johannesevangeliet lange talar frå Jesus om relasjonen han har til Faderen og verda.²⁶ Og i staden for likningar om Guds rike har Johannesevangeliet fokus på Jesus som seier ting som ”Eg er verdas lys” og ”eg er livsens

¹⁸ Joh 13

¹⁹ Smith, 2001: 213

²⁰ Koester, 2008: 4

²¹ Hvalvik og Stordalen, 1999: 238

²² Joh. 2,1-11

²³ Joh. 3,1-21

²⁴ Joh. 4, 1-42

²⁵ Joh. 11

²⁶ Koester, 2008:4

brød.”²⁷ I tillegg er det berre Johannesevangeliet som nemner at vatn og blod strøymer frå Jesus si side når den vert stukken med eit spyd når han heng på krossen.²⁸

Kvifor desse skilnadane når evangelia tilsynelatande skal vitna om same mann og same handlingar? Ein vanleg tanke er at forfattaren²⁹ av Johannesevangeliet kjente godt til eit eller fleire av dei andre evangelia og skreiv sin tekst som eit supplement.³⁰ Eit meir sannsynleg alternativ, i følgje Koester, er at Johannes stort sett er uavhengig av dei andre evangelia. Forfattaren kan ha kjend til eit eller fleire av dei, anten dei nedskrivne utgåvene eller den munnlege tradisjonen, men dersom Johannes kjende til dei andre evangelia, følte han truleg ikkje på at han måtte fortelja historia på same måte som synoptikarane gjorde.³¹ Samstundes skal ein ikkje undervurdera Anden si rolle. Det er Den heilage ande som gjev evangeliet eit anna perspektiv. I Johannes 14, 15-20 vert det gjeve eit løfte om Sanningsanden som skal koma, og med den skal ikkje folka vera igjen som foreldrelause born, men Anden vil bu hjå dei og vera i dei. Me skal sjå nærare på rolla Sanningsanden, eller *Parakleten*, spelar i Johannesevangeliet gjennom avhandlinga, men særleg i delkapittel 2.4.

Kva med nattverds- eller sakramentsforståinga i Johannesevangeliet? Er det noko som kan vitna om nattverd i evangeliet, og i så fall kva? Ein tekst som særleg har fått mykje å seia for sakramentsforståinga i kyrkja si historie er Johannes 3, den er òg ein viktig tekst for forståinga av sakramentliknande element i Johannesevangeliet. Historia handlar om Nikodemus som møter Jesus, og Jesus som forklarar kva det vil seia å verta fødd på ny, nemleg at ein må verta fødd på ny med vatn og Ande for å koma inn i Guds rike. Denne teksten har vart ein av dei viktigaste dåpstekstane i oldkyrkja.

I Johannesevangeliet er det ikkje innstifting av nattverden slik me i delkapittel 1.3 såg at synoptikarane har. Der er den plassert før Jesus vert teken til fange og krossfest. I Johannesevangeliet samla Jesus og læresveinane seg etter at Jesus hadde ridd inn i Jerusalem. Dei åt eit måltid saman der, kvelden før han vart gripen. Men i staden for å skriva at Jesus innstifta nattverden, skriv forfattaren om at Jesus gjer noko ekstraordinært og overraskande på

²⁷ Koester, 2008: 4

²⁸ Joh. 19, 34

²⁹ Det har vore ein pågåande diskusjon over mange hundre år om kven som står bak Johannesevangeliet. Det er likevel ikkje ein diskusjon eg finn relevant for denne oppgåva. Difor vil eg ikkje gå djupare inn i forfattarspørsmålet. Eg vil følgja tradisjonen, og kallar difor forfattaren av evangeliet for Johannes.

³⁰ Koester, 2008: 4

³¹ Koester, 2008: 4

læresveinane; han vaskar føtene deira. Det står at han gjorde dette, på trass av at han var meister og etter skikkane høgare stilt enn læresveinane. For å gje dei eit eksempel til etterfølging:

”Når no eg, herren og meisteren, har vaska føtene dykkar, då skyldar de òg å vaska føtene til kvarandre. Det er eit føredøme eg har gjeve dykk: Som eg har gjort mot dykk, skal de òg gjera. Sanneleg, sanneleg, eg seier dykk: Ein tenar er ikkje større enn herren sin, og ein utsending er ikkje større enn den som har sendt han. No veit de dette. Og sæle er de så sant de gjer etter det.”³²

Dette vart gjort i ei måltidssetting, men det er ikkje det som får merksemd. Fotvaskinga og bruken av vatn er det avgjerande.

Fotvaskinga i Johannes 13 inneheld både kjerne- og støttesymbol³³. Teksten fortel at Jesus *”..reiser seg frå måltidet, legg av seg kappa og tek eit linklede og bind om seg. Så slår han vatn i eit fat og tek til å vaska føtene til læresveinane og tørka dei med handkledet som han har om livet.”³⁴*

Kjernesymbolet her er sjølve fotvaskinga og det den symboliserer, medan støttesymbolet er at Jesus fjernar kleda sine. Fotvaskinga var eit brot på sosiale forventningar. Likevel er det noko som er endå viktigare å merka seg, nemleg tydinga av dei greske orda som er nytta om det Jesus gjer her. I staden for dei vanlege orda for å ”ta av” (*ekdyein*) og ”ta på” (*endyein*) klede, nyttar teksten seg av omgrep som seier at Jesus ”legg av seg” (*tithenai*), og ”tek.. og bind om seg” (*lambanein*) kleda sine. Desse verba vert òg nytta om å leggja ned og ta opp livet³⁵, noko me mellom anna ser i forteljinga om den gode hyrde i Johannes 10. Der vert omgrepa nytta for den som er villig til å gje og gjera noko for andre. Difor, i følgje Koester, rettar Jesus her fokus på korleis han skal gje seg sjølv for andre gjennom å døy på krossen. Dette syner han ved å bryta store forventningar og gje læresveinane ein fotvask slik han gjer.³⁶ Fotvaskinga er eit symbolsk narrativ, den er ikkje berre eit døme. Den er eit symbol på Jesus sin død, at han legg ned og tek opp livet sitt. Så vert det i tillegg eit døme til etterfølging. To tolkingar som heng saman.

³² Joh 13, 14-17

³³ Koester, 2003: 5

³⁴ Joh 13, 4-5

³⁵ Joh 10, 17-18

³⁶ Koester, 2003: 10-11

2.0 Johannesevangeliet sin eigenart som forteljing i perspektiv

2.1 Viktigheita av heilskapsforståinga.

Ein kan ikkje skriva ei oppgåve med utgangspunkt i Johannesevangeliet utan å seia noko om heilskapsforståinga av evangeliet. Det er relevant å gjera greie for sjanger, innhald, deler av oppbygginga og perspektivet i evangeliet for å betre skjøna forteljingane, hendingar og poenget med evangeliet. Johannesevangeliet er eit evangelium som både er levande i språk og som har djupare fokus enn det som ligg i overflata. Perspektivet spelar ei nøkkelrolle i forståinga av evangeliet. Det skal me sjå nærare på i dette kapitlet.

Johannesevangeliet kan lett og med godt samvit lesast som ein heilskap. Det er konsist i stil og innhald, og nyttar eit klart og enkelt språk; på grunnspråket gresk. Ironi, symbolsk språk og misforståingar går igjen gjennom heile evangeliet. Dette skal me sjå nærare på i dette og det neste kapitlet i avhandlingsoppgåva, men allereie no er det viktig å understreka at evangeliet er skriva på eit språk og i ein bestemt kulturell kontekst. Difor vil ikkje lesarar av evangeliet i dag kunna forstå alt, men ein kjem likevel langt ved å tileigna seg kunnskap om både grunnspråket og samtidskulturen, og ved å ha det som bakteppe når ein les.³⁷

Omsetjingane som er vorte gjort er òg gode og godt dugande til å forstå evangeliet, sjølv om ein sjølv sagt ikkje kjem utanom at grunnteksten er det beste for å forstå Johannesevangeliet.³⁸ Når ein les evangeliet i eitt, utan avbrekk, ser ein tydelege linjer som bitt hendingane og forteljingane saman. Heilt enkelt og konkret, noko som gjer det lett å følgja teksten. Likevel kan lesaren ofte sitja igjen med ei kjensle av at Johannesevangeliet har to parallelle forteljingar; ei som er lett å hengja seg på og forstå, men òg ei forteljing som må tolkast. Den siste krev meir forståing, den krev at lesaren set seg inn i den historiske konteksten evangeliet er skriva i, kjenner til eldre bibelske skrifter, og forståar at teksten ikkje berre er skriva som ei minnesoge om Jesus frå Nasaret, men at forfattaren og forteljingane om Jesus peikar framover og har noko ekstremt viktig å tilby folk som les evangeliet i ettertida.

Johannesevangeliet er skriva til fleire enn dåtida sine mottakarar, det er ein utvida lesarkrins i biletet og parakleten si rolle er viktig. Det skal me fokusera meir på seinare i dette kapitlet, når me ser på det utvida perspektivet i delkapittel 2.4.

Johannesevangeliet er relevant i dag – ikkje berre fordi historia er fengjande og spanande, men fordi den fortel oss om ein djupare relasjon mellom Frelsaren og menneska. Den har

³⁷ Koester, 2003: 15

³⁸ Koester, 2008: 3

både eit historisk perspektiv og eit teologisk, åndeleg perspektiv. Evangeliet tek oss med inn i ein relasjon som openberrar seg for både dei som trur det – og dei som ikkje trur.

Det som er særskild med Johannesevangeliet er at det er, i samtida si, skrive til fleire ulike typar menneske. Særleg tre dimensjonar er verdt å merka seg: Den første er at evangeliet antar at mange av lesarane er kjende med jødiske tradisjonar. Konteksten er i stor grad jødisk, og i alle fall ein god del av lesarane vil vera godt kjende med jødisk liv og tankar.³⁹ Fleire av narrativa om Jesus skjer i eller rundt jødiske høgtider og skikkar, mellom anna kan me lesa om korleis Jesus lækte ein sjuk på sabbaten.⁴⁰ Og at påskehøgtida var – og er – veldig viktig for jødane. Med Jesus har denne høgtida òg vorte vidareført og fått stor tyding i kristne krinsar. Den andre dimensjonen rettar fokuset mot ein større lesarkrins, som *ikkje* har jødisk bakgrunn. I Johannesevangeliet ser me døme på at fleire enn berre jødane vert inkluderte. I den gresk-romerske verda vert etniske grenser brotne og utvida, når både samaritanarar og grekarar syner interesse for Jesus, og Jesus for dei.⁴¹ I Johannesevangeliet vert ord som ”rabbi” og ”Messias”⁴² forklart. I tillegg vert det informert om at vasskar av stein vart nytta i reinsingsskikkane til jødane⁴³ og at jødar ikkje hald seg saman med samaritanarar⁴⁴. Ingenting av dette hadde vore naudsynt om evangeliet berre var skrive til jødiske samfunn.⁴⁵ Det er òg interessant at Johannesevangeliet blandar både antikke og jødiske skikkar. Eit døme på det er fotvaskinga me var inne på i førre kapittel. Det var vanleg i antikken at tenaren vaska føtene til gjestar. Det forfattaren gjer i Johannesevangeliet er å presentera narrativa på ein slik måte at lesarane får assosiasjonar til eldre skikkar, utan at linken naudsynt er heilt tydeleg uttalt. Fotvaskinga er eit slikt døme. Ei handling som vart tolka i ljøs av etablerte skikkar, men som fekk ny tyding i evangeliet gjennom Jesus. I prologen er termen *logos*, *Ordet*, eit viktig ord frå filosofien. Det same er lys og mørke. Det gresk-romerske i bileta vert utvikla og akseptert i teksten i Johannesevangeliet.⁴⁶

Den tredje dimensjonen som er verdt å nemna her, og som me skal sjå nærare på under punkt 2.5 i oppgåva, er samspelet mellom det å ta vare på historia om Jesus og å fortelja den, og det å tolka hendingane og gjera dei relevante. Dei første kristne såg på dette som ein del av

³⁹ Koester, 2008: 5

⁴⁰ Joh. 5,1-15

⁴¹ Joh 4,39-42; 12,20-21

⁴² Joh 1, 38 + 41

⁴³ Joh 2, 6

⁴⁴ Joh 4, 9

⁴⁵ Koester, 2008: 6

⁴⁶ Koester, 2008: 7

Anden sitt verk. Dei første kristne tenkte at Anden var aktiv blant dei, og i følge Johannes 14, 26 lova Jesus at Anden, eller Talsmannen – *paraklætos* – ville læra dei alt og minna dei om det Jesus hadde sagt dei. Det handla om å både ta vare på tradisjonen om Jesus, men òg om å finna ny meining i den etter Jesus sin død og oppstode.⁴⁷

Vidare i oppgåva skal me teiknar opp eit bilete av evangeliet, slik at me i siste del av oppgåva, i kapittel 4, kan fokusera på Johannes 6 og Jesus som livets brød. Det er naudsynt med ei brei heilskapsforståing som smalnar seg inn til å svara på problemstillinga.

2.2 Teikn og symbol

Craig R. Koester skil mellom to typar symbol i Johannesevangeliet: *Core symbols*, og *Supporting symbols*.⁴⁸ På norsk; kjernesymbol og støttesymbol, som me så vidt var innom i punkt 1.4 då me såg på fotvaskinga i Johannes 13. I tillegg kjem me ikkje forbi det faktum at Johannesevangeliet har mange symbol som både kan tolkast på eit affeksjons- og eit kognitivt nivå, og sjølv på dette siste nivået tyder symbola ofte fleire ting på ein gong. I tillegg er symbol viktige i måten dei potensielt kan bringa delar av evangeliet saman på. Ofte løftar ein fram at meininga til ordet *symbol* er ”å setja saman”, og i Johannesevangeliet hjelper symbola til med å få fram korleis tilsynelatande motstridande idear kan verta sett saman.⁴⁹ Dette er noko av det som skil symbola i Johannesevangeliet frå symbol som til dømes vert nytta på eit kart. Eit kartsymbol må ha ei enkel, veldefinert meining som er lik for alle som ser det for at det skal vera effektivt og nyttig. Eit kart på si side vil òg koma med ei forklaring av kva symbolet tyder, medan Johannesevangeliet har med bilete som lys, vatn eller mirakuløse teikn, og alle desse kan tyda mange ulike ting – samstundes.⁵⁰ Slikt kan ein verta forvirra av. Difor er det viktig å danna seg ei viss forståing av korleis Johannesevangeliet er bygd opp og kva som kan liggja bak dei ulike symbola og bileta. Heilskapsforståinga av evangeliet spelar ei avgjerande rolle i dette puslespelet.

”Through the symbols, the mystery of God is encountered but not fully comprehended.”⁵¹

Craig R. Koester

⁴⁷ Koester, 2008: 7

⁴⁸ Koester, 2003: 5

⁴⁹ Koester, 2003: 28

⁵⁰ Koester, 2003: 25

⁵¹ Koester, 2003: 32

2.2.1 KORLEIS KAN EIN FINNA SYMBOLA?

Det er ikkje alltid sikkert at alt ein vil tolka som symbol er nettopp eit symbol. Eller kanskje noko vert tolka som eit symbol utan å vera det. Når ein forsøker å identifisera og finna ut om noko er eit symbol eller ikkje er det greitt å ha kjennskap til evangeliet som heilskap. Koester skil mellom det ein kan seia er nesten heilt sikre symbol, og det som berre kanskje er symbol. Eit døme han kjem med er i kapittel 13, då Jesus gav ein brødbit til ”den som skulle svika han”, og ”Med det same Judas hadde fått biten, gjekk han ut. *Det var natt.*”⁵² ⁵³ Det at det var natt vert ikkje fokusert meir på i denne episoden, men sidan natt og mørke ofte spelte ei viktig rolle tidlegare i evangeliet kan det vera slik her òg. I tillegg nemner Koester at det ville vore merkverdig å plassera informasjonen om kva tid det var på dagen *der* - når svikaren går ut. Kvifor kunne ikkje forfattaren plassert det i starten av historia? Truleg fordi ved å plassera informasjonen om at det var natt akkurat her, vert referansen til at det var natt veldig effektiv: det vert poengert akkurat der Judas sitt svik av Jesus vert starta og mørket tok over. I tillegg trekk dette opp linkar til mørke og fiendskap mot Jesus tidlegare i evangeliet. Difor konkluderer Koester med at ein mest sannsynleg kan forstå bruken av ”natt” i 13, 30 som eit symbol.⁵⁴

2.2.2. SYMBOLA SIN DYNAMIKK

Me har vore innom viktigheita av å forstå den kulturelle konteksten Johannesevangeliet, og andre bibeltekstar, er skrivne i. Mellom anna har språket hatt enormt mykje å seia for korleis ein tekst vert forstått. Når nokon skjønar språket ein tekst vert fortald eller lese på, vil orda vekke visse assosiasjonar i lesaren eller lyttaren.⁵⁵ Men ikkje berre språket er viktig. Det handlar om å skjønna og i det minste kjenna til kva uttrykka som vert nytta i teksten tyder. Mykje kjem med assosiasjonar, og for dei første lesarane kunne desse assosiasjonane koma både frå anten det vide, kulturelle spekteret som var i den gresk-romerske verda, eller det kunne koma frå deira eigen etniske og religiøse arv. Eller frå heilt andre delar av evangeliet.⁵⁶ Når slike assosiasjonar dukkar opp er det viktig at lesaren eller lyttaren skil ut kva for nokre som høver til den litterære konteksten, og kva som for nokre som ikkje gjer det. Det er heile

⁵² Joh 13, 30

⁵³ Mi kursivering

⁵⁴ Koester, 2003: 9-10

⁵⁵ Koester, 2003: 15

⁵⁶ Koester, 2003: 15

vegen eit samspel mellom teksten og lesaren. Det kjem ein ikkje forbi, men det handlar om korleis ein taklar det.

Så er ikkje den kulturelle konteksten viktig berre for å skjønna kven menneska var, eller kven som låg i strid med kven, men òg for å forsøka å sjå og forstå kva dei tenkte då dei fekk høyra det evangelistane fortalde. Kor viktig den kulturelle konteksten var og er skal me illustrera ved hjelp av Koester og ein av dei mest kjende metaforane i Johannesevangeliet. Jesus vert samanlikna med mange ting i det fjerde evangeliet, men i kapittel 10, 11 vert han identifisert med det greske ordet *poimen*⁵⁷. Forfattaren av evangeliet såg truleg føre seg at lesarane forstod dette ordet som ein person som tok vare på sauer, vakta sauer på beitet og som sørgja for at dei hadde mat, drikke og var trygge for farar. Det me på norsk vil kalla ein *gjetar*⁵⁸ eller *hyrde*. Likevel var det ikkje så enkelt for dei som las eller høyrde, og som kunne gresk. Då kunne det dukka opp mange ulike assosiasjonar rundt *poimen*. Den første assosiasjonen Koester trekk fram er livserfaring. Dei fleste menneske hadde eit forhold til ein gjetar. Gjerne såg ein føre seg ein person med eit vêrhardt andlet, kledd i røffe klede og med ein stav av tre i eine handa – som vart nytta til å føra dyra rundt på beite og trygt fram. Den andre assosiasjonen tek utgangspunkt i lesaren, og denne sin etniske og religiøse bakgrunn. Ein kjem ikkje forbi at alle lesarar les eller lyttar med heile seg. Historia føl med og vil, i stor eller liten grad, påverka det ein les og høyrer. For dei med jødisk bakgrunn hadde gjetaren ei viktig rolle, då mange av dei store og leiande personane i Israel si historie hadde vore gjetarar. Mellom anna synte Gud seg for Moses då han vakta sauene⁵⁹, og David lærte seg om krig og krigføring gjennom å beskytta dyreflokken mot fiendar⁶⁰. Så vert Jesus knytt endå tettare saman med jødiske skrifter og kultur ved bruken av *poimen*, fordi det vart òg nytta som ein metafor på Israel sine leiarar, ein framtidig konge av Davids ætt og for Gud.⁶¹ I den greske verda var det òg vanleg å nytta termen ”gjetar” som ein metafor på leiarar.⁶²

Det tredje Koester peikar på er at Johannesevangeliet sjølv dannar ein del assosiasjonar rundt termen *poimen*. Kvar gong det dukkar opp på nytt, vekkjer og utvikler det assosiasjonane som eksisterer andre stadar i evangeliet.⁶³ Berre i kapittel 10 ser me fleire døme på dette⁶⁴. I tillegg er noko av det siste som skjer i Johannesevangeliet at Peter må lova Jesus at han vil ”Fø

⁵⁷ Koester, 2003: 16

⁵⁸ Joh 10, 11

⁵⁹ Exodus 3, 1-6

⁶⁰ 1 Sam 17, 34-35

⁶¹ Koester, 2003: 16

⁶² Koester, 2003: 16

⁶³ Koester, 2003: 17

⁶⁴ Joh 10, 1-5; 10,7-18; 10, 22-30

lamma”, ”gjeta sauene”, og ”fø sauene.”⁶⁵ Bruken av gjetarterminologien her tyder truleg at Peter si oppgåve må sjåast i lys av det som vart sagt tidlegare i evangeliet om kva det vil seia å vera ein gjetar. Det vert forventa at Peter, på same måte som Jesus som er den gode gjetaren, vil – om det vert naudsynt – gje livet sitt for sauene.⁶⁶

Det me har sett på over handlar om tydinga av *poimen* på eit kognitivt nivå. Men som andre symbol vekker dette òg assosiasjonar på eit affeksjonsnivå. Særleg to typar forståing på det skal me nemna no. For nokre menneske vekte bilete av ein gjetar nostalgiske kjensler for det idylliske gjetarlivet, der ein er ute, slappar i skuggen av eit tre medan ein syng på viser og har eit strå kvilande i munnvika. For andre kunne gjetarar vekke skepsis og dei vart fort mistenkeleggjorte. Dei vart klaga for å føra dyra sine til andre folk sine beite, og vart gjerne stempla som tjuvar som gøymde unna mjølk, ull og smådyr til eiga nytte.

Difor kan ein seia at gjetarar kunne vekke ulike kjensler på affeksjonsnivå, avhengig av bakgrunnen og den kulturelle konteksten til lesaren.⁶⁷

Johannesevangeliet er klar over og arbeider med både assosiasjonane på eit affeksjons- og eit kognitivt nivå. På det første mjukar teksten gjerne opp fordomane til lesaren ved å fokusera på at dei som kom før Jesus var ”tjuvar og røvarar”⁶⁸, men at Jesus sjølv er den gode gjetar. Det uttrykket vekker meir positivitet mot gjetarar, men konteksten det står i retter fokuset meir mot pastoralt leiarskap, satt i kontrast mot dei som rømer når ulven nærmar seg.⁶⁹ På den kognitive sida må lesarane skjønna kva Jesus meiner når han seier ”Eg er den gode gjetaren”. Konteksten er tydeleg på at Jesus ikkje påstår at han er ein ekspert på dyrehald, og då vil det vera meir naturleg å tolka det dit hen at det som eigentleg er i fokus er leiarskap. Det var forventa at dei verkeleg gode gjetarane var gode leiarar for flokken, og at hovudfokuset deira var å sørgja for at flokken hadde det godt. Om det førte til at dei måtte risikera livet for flokken, ja, då skulle dei gjera det. Men likevel var det berre Jesus, den *gode* gjetaren, som ofra livet sitt for flokken.⁷⁰

Dette var eit døme på korleis bileta og hendingane i Johannesevangeliet lever mellom teksten og lesaren. Eit døme av mange.

⁶⁵ Joh 21, 15-17

⁶⁶ Koester, 2003: 16

⁶⁷ Koester, 2003: 16

⁶⁸ Joh 10, 8

⁶⁹ Koester, 2003: 16

⁷⁰ Koester, 2003: 17

2.2.3. LYS OG MØRKE

Eit av dei viktigaste symbola i Johannesevangeliet møter oss allereie i evangeliet sitt fjerde vers. I prologen les me om Ordet som var i opphavet, Ordet som var hos Gud og Ordet som var Gud. Vidare står det: ”*Det som vart til i han, var liv, og livet var lyset for menneska. Lyset skin i mørkret, og mørkret har ikkje overvunne det.*”⁷¹ For å etablera ei forståing av symbola si stilling i Johannesevangeliet er det relevant å sjå på nokre av dei viktigaste symbola. Difor vil me i det følgjande sjå både på lys og mørke, og vatn.

I prologen til evangeliet vert Jesus presentert, særleg som lyset. ”Det sanne lyset, som lyser for kvart menneske, kom no til verda”⁷². Seinare vert det skrive at Jesus proklamerte sjølv at ”Eg er lyset i verda”⁷³.

Kvifor har lys og mørke fått så mykje å seia? Kva er det med desse to tinga som gjer at dei har vorte nøkkelomgrep i ei av verdshistoria sine mest kjende tekstar? For det første bør me ikkje undervurdera det jordnære i symbola. Lys og mørke er noko alle menneske veit kva er, med visse unntak. Dei fleste av oss har erfart skilnaden mellom å vera ein stad der lyset flaumar fram, og å vera ein plass der mørket enten held si klamme, dystre hand rundt alt og alle og ein ikkje ser det som er rundt, eller der mørket etablerer ei koseleg atmosfære som inneheld varme og nærleik. Når det er noko dei aller fleste har eit forhold til, er det noko som er mogleg å dra assosiasjonar ut i frå. For det andre er lys og mørke to av dei tydlegaste motsetnadane som eksisterer. Slik er det lettare å laga gode symbol ut av, enn ting som det er lett å blanda saman.

Når Jesus vert samanlikna med lys er det med to ulike tydingar. For lyset kan både visa veg, men òg gjera blind. Paradoksalt nok. Dette er noko lesarar og lyttarar veit, eller i alle fall har erfart. Dersom det er mørkt kan lyset skina og gjera omgjevnadane lyse, slik at ein ser. Men dersom ein ser på den sterke sola midt på dagen, kan ein oppleve at ein vert blenda og ikkje ser. På same måte er det med Jesus. Nokre menneske skjøna kven han er, medan andre misforstår han.⁷⁴ Slik det vert understreka i Johannes 9, 39. Misforståingar spelar ei nøkkelrolle i Johannesevangeliet, noko me skal sjå nærare på i delkapittel 3.2 i denne avhandlinga.

⁷¹ Joh 1,3b-5

⁷² Joh 1, 9

⁷³ Joh 8, 12

⁷⁴ Koester, 2003: 29

Ein stad der ordet ”mørke” vert nytta er i møtet mellom Jesus og Nikodemus. Det var mørkt då Nikodemus kom til Jesus, noko som vert poengtert. ”Han kom til Jesus om natta”⁷⁵ Så, mot slutten av forteljinga om møtet mellom dei to, vert fokuset retta på at dommen handlar om at Lyset er kome til verda, men at menneska elska mørket meir enn lyset, fordi dei gjorde vonde gjerningar. *”For den som gjer det vonde, hatar lyset og kjem ikkje til lyset, så gjerningane hans ikkje skal koma opp i dagen. Men den som følgjer sanninga, kjem til lyset, så det skal bli klårt at gjerningane hans er gjorde i Gud.”*⁷⁶ Det var mørkt då Nikodemus kom til Jesus. Fordi det var natt, men truleg òg fordi Nikodemus mangla kunnskap om Jesus. Han såg ikkje. Men i forteljinga forklarar Jesus, slik at Nikodemus får moglegheita til å gå frå å leva i mørket til å leva i lyset.

Så er det ikkje berre i narrativet om Nikodemus at det kjem fram om det er mørkt eller lyst, og termene vert nytta til å understreka eit poeng som stikk djupare enn at det reint fysisk går på om det er natt eller dag. *”Tidleg om morgonen første dagen i veka, medan det endå er mørkt kjem Maria Magdalena til grava.”* står det i Johannesevangeliet kapittel 20. Det var mørkt då Maria Magdalena kom til grava. Nokon vil kanskje seia at var for å understreka at ho kom utan å vita at Jesus hadde stått opp, ho hadde endå ikkje skjøna det underet som hadde skjedd. Mot slutten av forteljinga står det at ho har ”sett” Jesus⁷⁷, men det er ikkje eksplisitt knytt til at det vart lys. Altså, sjølv om det var mørkt då Maria Magdalena kom til Jesu grav treng det ikkje bety noko spesielt. Men i følge Koester er det ikkje heilt sikkert at det her er snakk om eit symbol, men at den symbolske verdien av biletet kan eksistera.⁷⁸

2.3 Ironi

Ironi er eit mykje nytta verkemiddel i Johannesevangeliet. Det går igjen ved fleire anledningar, og er nytta for å fortelja noko som ikkje vert sagt direkte med ord. I møtet med teksten kan lesaren både sjå og høyra at forteljaren meiner meir enn det som vert sagt, og at karakterane ikkje skjønar kva som skjer eller kva dei seier.⁷⁹ Ironien som vert nytta i Johannesevangeliet er på eit høgt nivå. Den er meir enn den ironien som handlar om å ”seia

⁷⁵ Joh 3, 2

⁷⁶ Joh 3, 19-21

⁷⁷ Joh 20, 18

⁷⁸ Koester, 2003: 10

⁷⁹ Culpepper, 1983: 166

ein ting og meina det motsette”, ein slik ironi kan i stor grad minna oss om metaforar, symbol eller småerting.⁸⁰ Muecke og Booth forklarar ironi som eit ”two-story” fenomen.⁸¹ Dette fenomenet består av den synlege tydinga på botn, og på toppen er meininga, perspektivet eller trua som er motsetnadsfylt, urimeleg eller uforlikleg med det lågare nivået. Karakteren som er ”offer” for ironien er ikkje klar over det høgare nivået eller ønskjer ikkje å sjå det. Men lesaren vert invitert til å gå til det høgare nivået av forståing og dela perspektiva som den implisitte forfattaren sit med. For å koma til dette nivået må lesaren gå fire steg: (1) han eller ho må nekta for den bokstavlege meininga i teksten, (2) må kunna kjenna att alternative tolkingar, (3) gjera seg opp ei meining om forfattaren sin kunnskap eller tru, og (4) velja ei ny meining som harmonerer med den (implisitte) forfattaren sin posisjon.⁸²

Dei som les Johannesevangeliet og har Muecke og Booth sin definisjon med seg i lesinga kan verta overraska over at korrespondansen mellom dei ulike komponentane i ironien er tilstade i evangeliet. Johannesevangeliet legg til grunn ein dualisme som vert teikna opp med romslege termar. Ein møter på jordlege ting (*ta epigeia*) og himmelske ting (*ta eporania*)⁸³. Jesus er ovanfrå (*agā*), medan motstandarane hans er nedanfrå (*katā*)⁸⁴, eller frå jorda⁸⁵. Tanken er at det høgare nivået er assosiert med sanning, og det låge med løgn, bedrag og feil. Jorda og det verdslege representerer det låge, medan Jesus representerer det høge.

Ironien i det fjerde evangeliet er alltid stabil og er stort sett skjult. I slik skjult ironi er meininga heller gøymd enn forklart, men når meininga i stabil ironi vert rekonstruert av lesaren er dei veldig stødige. Ironien i Johannesevangeliet er òg korrektiv; eit perspektiv motseier, eksponerer og opphever eit anna. Normane for den implisitte forfattaren går tilsynelatande frå Jesus og er avdekkja av han.⁸⁶

Muecke skil mellom to typar ironi: den første er verbal ironi, der den som er ironisk er det ved å tala ironisk. Den andre er situasjonsbestemt ironi, der ironien kjem frå misforhold eller noko som ikkje passar saman. Det siste kan til dømes vera misforhold mellom forventingar og hendingar, eller andre ting. Dette skal me sjå nærare på og forklara ved bruk av døme.

⁸⁰ Culpepper, 1983: 166

⁸¹ For Muecke og Booth; sjå Culpepper, 1983: 167

⁸² Culpepper, 1983: 167

⁸³ Joh 3, 12

⁸⁴ Joh 8,23

⁸⁵ Joh 3,31

⁸⁶ Culpepper, 1983: 168

Det første som er verdt å merka seg er den heilt grunnleggjande ironien i det at Jesus kom til sine eigne, men dei tok ikkje imot han. Jødane avviste den Messias som dei venta på, og som skriftene deira hadde vitna om. Dette rettar forfattaren merksemd mot i Johannesprologen⁸⁷ og fleire andre stader gjennom evangeliet. Det vert minna om at Moses og profetane vitna om Jesus⁸⁸, men likevel gjekk dei gjennom skrifta for å leita etter evig liv – samstundes som dei avviste personen som skrifta vitna om⁸⁹. Folket hevda at dei fulgte Moses i Johannesevangeliet kapittel 5,45-47 og 9,28, men likevel kjenner dei ikkje att han som Moses fortalde om, sjølv når Jesus gjev dei mat i øydemarka i kapittel 6, 30-31 forstår dei ikkje. Avvisinga deira av Jesus er stadig ei nekting for arva, skriftene, profetane⁹⁰ og fedrane⁹¹. Overhengande i alle desse bibelhenvisningane ligg eit snev av ironi, i følgje Culpepper. Han meiner det heile toppar seg når Jesus vert krossfesta og overprestane sa at ”vi har ingen annan konge enn keisaren”⁹²

Jesus sin identitet fører ofte med seg ironiske settingar. Eit konkret døme er når lesaren veit at Jesus talar om levande vatn som ein metafor, og kan difor observera at den samaritanske kvinna ikkje forstår kva Jesus eigentleg talar om.⁹³ Vidare spør den samaritanske kvinna om Jesus er større enn stamfaren deira, Jakob⁹⁴. Ho føler seg truleg trygg på at svaret er ”nei”, men lesaren sit med eit anna inntrykk.⁹⁵ På same måte er det ironisk bruk av Jesus sin identitet når folkemengda spør han om eit teikn og utfordrar han på det fedrane deira fekk i øydemarka; brød.⁹⁶ Dei skjønar ikkje at Jesus har gjeve dei det teiknet dei etterspør, i tillegg til at Jesus – i forfattaren sitt narrativ – er sjølv brødet frå himmelen.⁹⁷

I det siste og kanskje mest oppsiktsvekkande av Jesus sine teikn vekkjer han Lasarus frå døden. Lasaraus hadde vore død lenge, noko som vert understreka av systera hans, Maria, sine ord då Jesus ville ta vekk steinen framfor grava: ”...*det luktar alt av han, for han har lege fire*

⁸⁷ Joh 1, 11

⁸⁸ Joh 1, 45

⁸⁹ Joh 5, 39-40

⁹⁰ Jesaja vert nemnd i Joh 12, 40-41

⁹¹ Abraham vert nemnd i Joh 8, 52-53

⁹² Joh 19, 15

⁹³ Culpepper, 1983: 171

⁹⁴ Joh 4, 12

⁹⁵ Culpepper, 1983: 172

⁹⁶ Joh 6, 30-31

⁹⁷ Culpepper, 1983: 172

*dagar i grava.*⁹⁸ Men Jesus vekkjer Lasarus til live.⁹⁹ Slik syner Jesus at han har makta over døden og dødsriket. Han har krafta til å vekkje døde til live igjen. Dette markerer òg eit vendepunkt i historia, for det er denne handlinga som er dropen som får det til å renna over for myndigheitene. Frå dette tidspunktet la dei konkrete planar om å drepa Jesus.¹⁰⁰ Det ironiske her er at det er ved å gje liv til Lasarus at Jesus sjølv vert ført i døden¹⁰¹ Dette teiknet heng òg sterkt saman med ”timen” som Jesus, i følgje Johannesevangeliet, nemnar fleire gonger.

2.4 Det utvida perspektivet i Johannesevangeliet

Johannesevangeliet har fleire lesargrupper i tankane på same tid. Det er ganske særeige for evangeliet. Det balanserer mellom jødiske og greske lesarar i samtida, samstundes som personar som høyrer til det som kan kallast ein *utvida lesarkrins* vert nemnd. Eit godt døme er kapittel 10, 16, der Jesus talar om at han har nokre sauer som *”ikkje høyrer til denne flokken. Dei òg må eg leia; dei skal høyra mi røyst, og det skal bli éin flokk og éin gjetar.”* Dette er eit perspektiv som opnar opp evangeliet. Det kan ha vore forvirrande i samtida; *kven var det eigentleg som var meint her?* Me skal sjå nærare på desse utvida lesarane i dette delkapittelet. Dei er viktige for å forstå det utvida perspektivet i Johannesevangeliet, og er eit viktig springbrett for å forstå Parakleten. Forstår ein rolla det utvida perspektivet spelar i Johannesevangeliet, har ein fått ein nøkkel til å forstå heilskapen. Parakleten er særleg viktig, fordi det er den som bitt det kristne fellesskapet saman, gjennom heile historia. Det skal me koma tilbake til i delkapittel 2.4.2. No skal me sjå nærare på den utvida lesarkrinsen.

2.4.1 UTVIDA LESARKRINS – ”EG HAR ÒG ANDRE SAUER...”

Som nemnd over har Johannesevangeliet fleire lesargrupper i tankane på same tid. Det mest sjølvsgatte er lesarane i samtida, både dei jødiske og greske. Men evangeliet opnar òg opp for at det ikkje berre er personar i samtida som er målgruppa for forteljingane. I kapittel 10 ser me følgjande setning i vers 16: *”Eg har òg andre sauer, som ikkje høyrer til denne flokken. Dei òg må eg leia; dei skal høyra mi røyst, og det skal bli éin flokk og éin gjetar.”* Dette er ein

⁹⁸ Joh 11, 39

⁹⁹ Joh 11, 43-44

¹⁰⁰ Joh 11, 53

¹⁰¹ Hvalvik og Stordalen, 1999: 243

del av Jesus sin tale om at han er ”den gode gjetaren”. Kva er meininga bak utsegna; ”*Eg har òg andre sauere...*”? Orda her og i resten av verset opnar opp og slepp lesaren inn i eit utvida perspektiv. Jesus sine ord gjekk lengre enn til berre dei som levde på jorda saman med han. Men kven er desse andre sauane? Ein vanleg tanke har vore at gjetaren kjem til israelsfolket for å samla dei og gje dei frelse.¹⁰² I konteksten i kapittel 10 vert Jesus framstilt som gjetaren som skal ta vare på Gud sin flokk, og som til slutt vil leggja ned livet sitt for flokken.¹⁰³ I tillegg ser me at det er sauere som ikkje høyrer til flokken frå israelsfolket, men som er i ein annan flokk. Ved at gjetaren legg ned livet sitt for sauene sine, vil alle flokkane verta samla til éin flokk og ha éin gjetar.¹⁰⁴

Johannesevangeliet sitt 17. kapittel står i ein kontekst der Jesus talar til disiplane sine, og i sjølve kapittel 17 ser me at han bed ei bøn for ”alle sine”. Ei bøn som rettar fokus på samhald, fokus på Gud og motsetnaden mellom å vera *i* og *av* verda. Bøna om vern frå å falla tilbake i verda sine hender, og støtte til å halda seg reine og oppe i livet utanfor verda.¹⁰⁵ Så understrekar Jesus i vers 9 at han ”*..bed ikkje for verda, men for dei som du har gjeve meg, for dei er dine.*” Ved første augekast kan dette virka som ekskludering av resten av menneska i verda. Men her er det i følgje Beasley-Murray viktig å sjå på konteksten; disiplane var utvalde til å hjelpa Kyrkja med å fullføra og leva etter kallet frå Gud, ved å peika på og vidareføra det Jesus starta. I likninga i kapittel 10 ser me at gjetaren kjem til Israel, men at frelsa som kjem der skal gå vidare frå jødane og til alle folkeslag. Sigeren frå handlinga der Jesus gav livet sitt, og overvann døden, gjeld alle menneske. Sauene høyrer til gjetaren frå før dei høyrer røysta hans, fordi dei er gjeve han frå Faderen.¹⁰⁶ Det er eit ansvar om både å bringa den gode budskapen vidare, og å ta imot dei nye sauene som vert lagt til flokken. Ved at Kyrkja fullfører dette saman med kvarandre og i Gud sin kjærleik, vil verda innsjå at Jesus har vorte sendt til dei frå Gud.¹⁰⁷ Guds kjærleik gjeld for heile verda¹⁰⁸ og når bøna i kapittel 17 inkluderer ei bøn om at verda skal ta til seg kjærleiken og tru på Gud som har gjeve den, vert den universelle kjærleiken understreka.¹⁰⁹ I følgje Bultmann kan det verka som om det i kapittel 17,6 er snakk om menneske som Gud har gjeve Jesus, og at trua deira ikkje er deira eige val eller arbeid. Dei har vorte tekne ut av verda og ved trua vedkjenner dei seg at dei

¹⁰² Beasley-Murray, 1987: 171

¹⁰³ Beasley-Murray, 1987: 171

¹⁰⁴ Joh 10, 16

¹⁰⁵ Bultmann, 1971: 502

¹⁰⁶ Beasley-Murray, 1987: 171

¹⁰⁷ Beasley-Murray, 1987: 298

¹⁰⁸ Joh 3,16

¹⁰⁹ Bultmann, 1971: 500

ikkje høyrer verda til, men har frå opphavet av høyrd til hjå Gud. Alle som tek vare på Ordet, openberra gjennom Gud sjølv, utgjør fellesskapet Jesus bed for i kapittel 17.¹¹⁰

På denne måten er Jesus si bøn i kapittel 17 ikkje berre ei bøn for disiplane, men òg ei *indirekte* bøn for heile verda.¹¹¹ Det vert framstilt som om Jesus bed for nokon som ”ikkje er av verda”¹¹², men som er *i* verda. For kva er det som *eigentleg* er det kristne fellesskapet? Var det berre dei som var augevitne til Jesus sine under og ut frå det valde å tru på han? Var det generasjonane som Apostelgjerningane vitnar om i kapittel 2, 42-47? I eit meir utvida perspektiv er ikkje fellesskapet avgrensa til dei første kristne generasjonane. Det er ope for alle som forstår Jesus som den som openberrar Guds rike og frelse, og gjennom trua på det vedkjenner seg trua på Gud.¹¹³ Bultmann skildrar det kristne fellesskapet på følgjande måte:

*”This therefore is the Christian Community: a fellowship, which does not belong to the world, but is taken out of the world; one that owes its origin to God, and is established by the Revealer’s word, recognised as such in the light of the Passion, i.e. in the light of rejection by the world; a fellowship, that is to say, which is established only by the faith that recognises God in Jesus.”*¹¹⁴

Korleis er tekstane som har med det utvida perspektivet bygd opp? Me kan sjå kjapt på Johannes 10 om den gode gjetaren for å forsøka å skjønna litt meir. I vers 16 står det: *”Eg har òg andre sauer, som ikkje høyrer til denne flokken. Dei òg må eg leia; dei skal høyra mi røyst, og det skal bli éin flokk og éin gjetar.”*

Bultmann hevdar at kapittel 10, 1-18 ikkje kan sjåast på som ein velorganisert heilskap, men at det er sett saman av ulike einskapar som igjen vert haldne saman ved hjelp av biletet av gjetaren og sauane. Han seier vidare at nokre av delane i desse versa ikkje er nært knytt til kvarandre, og at nokre av dei individuelle delane i seg sjølv berre så vidt heng saman av og til.¹¹⁵ Nøkkelen, eller limet, her er altså biletet av gjetaren og sauane.

Kva då med Jesus si oppfølging av andre folk, i samtida, men òg til alle tider? Det utvida perspektivet, dei generasjonane som kom etter Jesus si tid på jorda – korleis skulle dei få

¹¹⁰ Bultmann, 1971: 498

¹¹¹ Beasley-Murray, 1987: 298

¹¹² Joh 17, 16

¹¹³ Bultmann, 1971: 499

¹¹⁴ Bultmann, 1971: 499

¹¹⁵ Bultmann, 1971: 358

høyra og koma til tru? I kapittel 14, 16-18 ser me at Jesus sender Talsmannen, *Parakleten*. Me skal sjå at Gud ikkje vil la disiplane vera att som foreldrelause born, og at Faderen difor sender ein annan i Jesus sitt namn.¹¹⁶ Den som vert sendt er Parakleten, Den heilage ande. Anden vil bu i fellesskapet og folket vil kjenna han. I følgje Bruner vil Anden bu i fellesskapet både i samtida, og i all framtid.¹¹⁷ Det er ikkje berre disiplane som skal få ha Sanningsanden hjå seg, den vil vera i alle fellesskapa i ettertida òg. Parakleten skal me sjå nærare på i det følgjande.

2.4.2 PARAKLETEN

Eit viktig moment for den utvida lesinga av Johannesevangeliet og forteljningane i evangeliet er rolla Parakleten speler. Me finn Parakleten i følgjande tekstar: kapittel 14,16-17; 14, 26; 15, 26; 16, 7 – 11; 12 – 15. Termen *paraklētōs* er eit verbalt adjektiv i passiv form, og tyder det same som *hå parakeklēmenos*, som kan verta omsett til «one called alongside» på engelsk¹¹⁸. I sekulær gresk var termen nytta spesielt om ein som vart kalla på for å hjelpa andre i retten, men det vart aldri ein teknisk term slik som det latinske *advocatus*. *Advocatus* vart nytta av Hironimus i hans omsetjing av Vulgata.

Behm seier følgjande:

*«The history of the NT yields the clear picture of a legal adviser or helper or advocate in the relevant court. The passive form does not rule out the idea of the παράκλητος as an active speaker «on behalf of someone before someone», nor is there any need of recourse to the active of παρακαλέω in this connection.»*¹¹⁹

I 16, 8-11, og andre stader, kan ein sjå ein link til rettspraksis. Likevel stiller mellom anna Beasley-Murray seg tvilande til at denne forståinga av termen bør kontrollera tydinga av alle stader termen dukkar opp i Johannesevangeliet. Han peikar særleg på kapittel 14, 25-26 og 16, 13-14, der undervisning, påminning og tolking vert understreka som viktige roller hjå parakleten. Samstundes er det naudsynt å sjå litt nærare på det faktum at parakleten me her talar om, parakleten som er Den heilage ande, vert introdusert som "ein anna paraklet" i kapittel 14. Når ein ser det i samanheng med mellom anna 1. Johannesbrev 2, 1 "Men om nokon syndar har vi ein talsmann hos Far. Det er Jesus Kristus, Den rettferdige." vert det

¹¹⁶ Joh 14, 26

¹¹⁷ Bruner, 2012: 838

¹¹⁸ Beasley-Murray, 1987: 256

¹¹⁹ For Behm, sjå Beasley-Murray, 1987: 256

tydeleg at Jesus sjølv òg er ein paraklet. I 1. Johannes vert Jesus framstilt som ein som er paraklet i ein ”himmelsk rettsal”, medan Den Heilage Ande er forstått som parakleten *frå* himmelen. Den som skal støtta og representera disiplane i møtet med ei fiendleg verd.¹²⁰ Det har vorte diskutert om Jesus og Anden som parakletar har eksistert saman eller kvar for seg, og om Anden gjer at Kristus er tilstade i kyrkja. Beasley-Murray meiner at dette er feil. Han trekk fram korleis evangelisten på ein briljant måte held saman fortida og notida for Jesus, og ser den eine i lys av den andre, utan at notida overskuggar fortida. I Johannes 16 meiner han tanken er at Jesus har hatt rolla som paraklet i tida han var på jorda, og at han no vil be Faderen om å senda ein ny paraklet for å fylla same rolle hjå disiplane og menneska. Denne tanken vil kunne fungera uavhengig av om parakleten sin funksjon er meir generell rundt det å hjelpa eller om den er meir spesifikk og har som mål å handla på vegne av disiplane i møtet med ei fiendtleg verd.¹²¹

Tanken om at Jesus ikkje vil etterlata menneska åleine, men at han vil senda ein hjelper, ein Talsmann for å ta vare på, læra, rettleia, styrka og vera hjå sine, understrekar den funksjonen Jesus sjølv hadde. I kapittel 14, 26 vert det uttrykt at Talsmannen, Den heilage ande, skal verta sendt av Faderen i Jesus sitt namn, for å ”*læra dykk alt og minna dykk på alt det eg har sagt dykk.*”¹²² Her vert den nære relasjonen mellom Jesus og Parakleten understreka.

Gjennom heile Johannesevangeliet vert Jesus framstilt som den Gud har sendt. Jesus kjem frå Gud og har med seg ein autoritet frå Gud. Når det då kjem fram at Parakleten er *sendt* frå Faderen fører det til at han har liknande relasjon til Gud. Jesus hevda at han kom i ”namnet åt Far min”¹²³, som Faderen sin representant. Anden kjem i *Jesus* sitt namn, han kjem som *Jesus sin representant*. Ingen av dei kom i sitt eige namn, men dei kom begge som representant for Gud. Dette knyt dei sterkt saman.¹²⁴

Oppgåvene me ser i 14, 26 er dei Parakleten kjem for å gjera, og dei er sterkt knytt saman. Å ”læra dykk alt” og ”minna dykk på alt” er to ganske like oppgåver, særleg med tanke på kor tett knytt saman Jesus og Anden er – slik me har sett over. Omgrepet ”minna dykk på”, *hypomnæsei*, dukkar berre opp her i evangeliet, medan den enklare utgåva av ordet, *mimâæskâ*, vert nytta i passiv form med fokus på å ”hugsa”. *mimâæskâ* dukkar opp to stader i

¹²⁰ Beasley-Murray, 1987: 256

¹²¹ Beasley-Murray, 1987: 256

¹²² Joh 14, 26

¹²³ Joh 5,43

¹²⁴ Beasley-Murray, 1987: 261

evangeliet. Den første gongen er i 2, 17 og 22, der disiplane ”hugsa” kva det stod skrive om Jesus, rivinga og oppbygginga av tempelet.¹²⁵ Den andre staden dette er skrive er i 12, 16: *”Dette skjøna ikkje læresveinane med det same. Men då Jesus var opphøgd i herlegdom, hugsa¹²⁶ dei at dette var skrive om han, og at folket hadde helsa han på denne måten”* Desse to døma på å ”hugsa” syner oss kva som er meininga med at Anden kom for å ”minna” disiplane på kva Jesus sa, men ikkje berre det. For Anden kom for å hjelpa dei til å hugsa og minnst desse tinga, men òg til å gripa tak i viktigheita i det Jesus sa og gjorde, og læra disiplane å skjøna openberinga av Gud gjennom Jesus.¹²⁷

Ut frå det me har sett ovanfor er det særleg to aspekt som er viktige å ta med seg vidare i denne oppgåva: den første er viktigheita av å skjøna at Parakleten ikkje kjem med ei ny openbering. Oppgåva hans er å peika på det Jesus kom med, og å hjelpa disiplane til å forstå innhaldet i det. For det andre vert Anden sin personeleg natur tydeleg gjennom rolla som representativ for Jesus og gjennom oppgåvene Anden er sendt for å gjera. Samstundes kjem me ikkje utanom å merka oss dei tydelege trinitariske implikasjonane både vers 26 og dei andre stadane der Parakleten vert nemnd kjem med.¹²⁸ Som i kapittel 14, 16: *”Då vil eg be Far min, og han skal gje dykk ein annan talsmann, og han skal vera hos dykk alltid:”* Sonen representerer Faderen, Anden representerer Sonen. Ved å ta imot Anden har me den heile, treeinige Gud med oss.¹²⁹ Anden er i fellesskapet, og på den måten er Gud tilstade i fellesskapa på jorda – sjølv etter Jesus vart teken opp til himmelen.

3.0 Symbolske narrativ i Johannesevangeliet

Johannesevangeliet er eit komplekst evangelium. Det har mange strengar å spela på, og er bygd opp på ein måte som skil seg litt frå dei andre evangelia. I dette, og det neste, kapittelet skal me sjå nærare på kva evangeliet består av. Me skal utvida lesinga vår enno meir. I staden for å berre ta til oss teksten som står, svart på kvitt, skal me retta fokus på alt det som ligg mellom linjene, i symbolikken som vert nytta i evangeliet. Finn me nattverd der, i symbolikken lese i eit spesielt perspektiv? Det skal me prøva å gje eit svar på i kapittel 4. Det utvida perspektivet på brødet frå himmelen gjev ei viss tolking som kan føra oss mot

¹²⁵ Beasley-Murray, 1987: 261

¹²⁶ Mi understreking

¹²⁷ Beasley-Murray, 1987: 261

¹²⁸ Beasley-Murray, 1987: 261

¹²⁹ Bruner, 2012: 837

nattverden. Me har sagt at Johannesevangeliet er eit symbolsk narrativ. Det vil vera berebjelken i dette kapittelet, og her skal me sjå enno nærare på kva eit symbolsk narrativ er og korleis det vert nytta for å formidla ei forteljing. For å sjå nærare på symbolske narrativ nyttar me andre særreigne trekk for Johannesevangeliet for å auka forståinga. I kapittel 2 såg me på både heilskapsforståinga i Johannesevangeliet, teikn og symbol, og ironi, samt det utvida perspektivet i evangeliet og rolla Parakleten spelar. Dette er òg relevant for Johannesevangeliet sine symbolske narrativ. Ved å ha alt dette med oss inn i møtet med dei symbolske narrativa generelt, og det symbolske narrative i Johannes 6 spesielt, vil me opna og utvida lesinga og forståinga av heile evangeliet. Det er naudsynt for å kunna løysa problemstillinga og sjå nærare på Jesus som livets brød, noko me skal gjera i kapittel 4.

3.1 Bruken av dei symbolske narrativa i Johannesevangeliet

Johannesevangeliet består av mange ulike narrativ som saman utviklar seg til å verta heile evangeliet og den historia det fortel. Desse narrativa er meir kjende som *symbolske narrativ*. I dette delkapittelet skal me etablere ei forståing av symbolske narrativ, sidan desse vil ha innflytelse på resten av oppgåva. I følgje Dorothy A. Lee fungerer dei symbolske narrativa på ein slik måte at dei synleggjer det komplekse samspelet mellom form og mening i relasjonen som oppstår mellom symbol og narrativ.¹³⁰ Tanken hennar er at kvart narrativ eksisterer for å forklara og syna eit sentralt symbol, og at utviklinga av dette symbolet teiknar opp narrative. Det er særleg eit par narrativ i Johannesevangeliet som vert sett på som symbolske narrativ, og vår kjernetekst i Johannes kapittel 6 er ein av desse. Symbolske narrativ kan verta nytta som ein teknisk form som er unik for kapittel 6 og dei andre aktuelle narrativa.¹³¹ Det er ein term som fungerer godt fordi den fokuserer på den dynamiske kvaliteten i tekstane, samstundes som diskusjonen og hendinga går føre seg i ein narrativ kontekst.¹³² Blant dei andre symbolske narrativa finn me historia om Jesus og Nikodemus i kapittel 3, Jesus og den samaritanske kvinna i kapittel 4, og vekkinga av Lasarus frå dei døde i kapittel 11. Desse tekstane kjem me òg til å sjå litt nærare på seinare i oppgåva.

¹³⁰ Lee, 1994: 11

¹³¹ Lee, 1994: 11

¹³² Lee, 1994: 12

Det er mogleg å finna ein felles narrativstruktur for dei symbolske narrativa i Johannesevangeliet. Lee tenkjer at ein slik fellesstruktur dreier seg om eit sentralt symbol. Me skal no sjå nærare på korleis dei symbolske narrativa er bygd opp for å auka forståinga av dei. Sidan denne oppgåva går ut på å forstå innhaldet i nettopp ei symbolsk narrativ er det viktig å sjå på dette før me går djupare inn både i sjølve Johannesevangeliet, og då særleg i det symbolske narrativet som er viktigast for denne oppgåva, nemleg Johannes 6.

Me skal i det følgjande sjå på fem fasar som kan hjelpa oss å forstå oppbygginga og bruken av symbolske narrativ:¹³³

Den første fasen handlar om eit *fundamentalt bilete eller "teikn"*. Narrativet byrjar med å etablere eit bilete og/eller mirakuløs hending, *teikn (semeion)*, som til dømes brød, vatn, læking av ein sjuk eller når ei folkemengd vert metta. Ofte er det i samanheng med ei jødisk høgtid. Eit døme på dette er i Johannes 6, 1-15, der Jesus mettar fem tusen med to fiskar og fem brød. Her syner Jesus at han har evna til å metta menneska, noko som skal verta vesentleg i resten av kapittel 6.

Fase to har fått tittelen *Misforståing*. Her ser me at den sentrale karakteren tolkar biletet eller "teiknet" på ein bokstaveleg måte og går difor utifrå at det handlar om ei verdsleg eller materiell røynd (*sarks*). Slik som teiknet eller biletet vert misforstått, vert Jesus òg misforstått av den andre karakteren. Han vert forstått på eit verdsleg og materialistisk nivå, som ein som tilfredsstillar konkrete, materielle behov. Dette ser me igjen i vårt kapittel, for etter Jesus hadde metta fem tusen i Johannes 6 går han vekk frå folket, men dagen etter leitar dei etter han. Då dei finn han seier Jesus til dei, i vers 26: "*De leitar ikkje etter meg fordi de såg teikn, men fordi de åt av brøda og vart mette.*" Folket misforstod teiknet, det djupare nivået i det Jesus gjorde då han metta. Me skal koma tilbake til misforståingar i neste delkapittel.

Den tredje fasen handlar om *kampen for forståing*. Karakterane i narrativa går alle gjennom ein kamp for å forstå tydinga av biletet og/eller teiknet, samt for å forstå og verta kjend med han som teiknar opp dette for dei. Ofte må folk gå gjennom ein prosess der forståinga utviklar seg gjennom misforståing i dialogen- og møtet med Jesus som forklarar og syner tydinga gjennom fleire ulike uttalar. Dette er ofte den lengste fasen. Vidare i dømet vårt i Johannes 6 ser me at folket stiller spørsmål til Jesus og forsøker å få han til å forklara. Dei misforstår

¹³³ Lee, 1994: 12-13

gong på gong, og poenget vert forsøkt forklart fleire gongar. Dette fører både med seg frustrasjon og sinne.

Fase fire handlar om *å oppnå eller avvisa symbolsk forståing*. I denne fasen er det to punkt me skal sjå nærare på. Det første handlar om å oppnå forståing. I prosessen mot forståing vil karakteren oppfatta biletet og/eller teiknet som eit symbol på eskatologisk liv som kan vera realiserbart i notida. Jesus vert òg oppfatta slik, som den eine sendt frå Gud. Gjennom Jesus sitt menneskelege *sarks* vart det guddommelege *doksa* avslørt. Rørsla frå ei bokstavleg eller materialistisk til ei symbolsk forståing representerer oppnåinga av tru.

Det andre punktet i denne fasen handlar om avvising av ei symbolsk forståing. At narrativet, i staden for å skapa tru, beveger seg vekk i frå trua. Då vert den verdslege tolkinga den gjeldande; ikkje den guddommelege. Bileta og «teikna» er tett knytt saman med dei religiøse tradisjonane i jødedommen som, for evangelisten, berre har betydning i deira symbolske relasjon med Jesus. Desse vil då forbli på eit verdsleg nivå, med mindre dei vert tolka på nytt frå eit johanninsk, kristologisk perspektiv.¹³⁴

Den femte fasen vert kalla *vedkjenning av tru eller uttale om avvising*. Narrativa i Johannesevangeliet vert anten avslutta med ei trudvedkjenning, som forutset ei forplikting som disippel, og/eller så vert det avslutta med ei avvising av Jesus. Fase 5 er stadfestinga og klimakset for fase 4.¹³⁵ Denne fasen finn me mellom anna i slutten av Johannes 6, der står det at; nokre av læresveinane drog seg unna og gjekk ikkje rundt med Jesus lenger, medan andre vedkjende trua si på han og vart verande.¹³⁶

Noko som går igjen i alle desse fasane er rolla teikna spelar i Johannesevangeliet på vegen mot tru for karakterane i narrativa. Funksjonen til teikna er å føra den implisitte lesaren av evangeliet mot å ta eit val når det kjem til trua på Jesus. Både ”teikn” og ”bilete” må verta forstått symbolsk. Difor er det viktig å notera seg at det grunnleggjande med symbolske narrativ er symbola. Symbol som mellom anna nyttar bilete, teikn og høgtider for å verta openberra og forstått.¹³⁷

¹³⁴ Lee, 1994: 13

¹³⁵ Lee, 1994: 13

¹³⁶ Joh 6, 66-69

¹³⁷ Lee, 1994: 15

3.2 Misforståingar – gjennomgåande element i Johannesevangeliet

I dette delkapittelet skal me sjå nærare på korleis forfattaren av Johannesevangeliet nyttar seg av misforståingar for å fortelja historia. For å syna dette vil me nytta to av dei tydelegaste episodane med misforståingar i evangeliet som døme; Nikodemus og den samaritanske kvinna.

Men først litt generelt. Særeige for Johannesevangeliet er evna til å seia ting – utan å seia dei rett ut, for å understreka eit poeng.¹³⁸ Frå lesarane vert ”fanga” i prologen og gjennom evangeliet, syner forfattaren dei stor tillit ved å lita på at lesarane fangar opp undertonane i språkbruken, ironien i samtalar og hendingar, implikasjonen som følgjer med misforståingar som fleire personar har i evangeliet, og symbolikken i stader, ting og abstraksjonar som svært ofte har ei heilt anna rolle enn det ein tilsynelatande oppfattar.¹³⁹

Det skjer ved gjentekne anledningar at ulike karakterar misforstår Jesus. Desse misforståingane kan me i følgje Culpepper karakterisera etter nokre element. For det første har me der Jesus kjem med uttalar som kan vera tvetydige, metaforiske eller som har dobbelttydingar. For det andre responderer vedkomande Jesus er i dialog med enten på det bokstavlege som vert uttalt, eller med eit spørsmål eller protest som gjer det klart at personen eller personane totalt har misforstått den større tydinga av orda som vert sagt. Eit døme på det er i møtet mellom Jesus og den samaritanske kvinna ved vasskjelda. Jesus seier at hadde kvinna kjend Guds gåve og visst kven det var ho prata med så hadde ho bede han ”*og han hadde gjeve deg levande vatn.*” Kvinna skjønar ikkje at Jesus pratar om noko anna enn det konkrete vatnet frå kjelda dei står ved, så hennar respons er som følgjer: ”*Du har ikkje noko å dra opp vatn med, og brønnen er djup. Så kvar får du det levande vatnet frå?*”¹⁴⁰ Det tredje elementet er der ein uttale vert følgd opp av ei forklaring av Jesus eller forfattaren.¹⁴¹

Slik, ved at dei vert forklart, nyttar forfattaren misforståingane som ein moglegheit til å forklara meininga med Jesus sine symbol, og til å utvikla dei vidare. Slik som då det vert forsøkt forklart kva som var meint med Jesus sine ord til Nikodemus i Johannes 3 om at ein må verta fødd på ny. Det kjem først ein påstand, så møter den spørsmål og protest, før den vert forsøkt forklart betre. Likevel er det meir i bruken av misforståingar enn dette. For sjølve

¹³⁸ Culpepper, 1983: 151

¹³⁹ Culpepper, 1983: 151

¹⁴⁰ Joh 4, 10-11

¹⁴¹ Culpepper, 1983: 152

effekten misforståingane har på lesaren, er større enn effekten dersom poenget bak hadde vorte forklart med ein gong.

Rudolf Bultmann meiner at misforståingane i Johannesevangeliet ikkje dreier seg om at ord har to meiningar og at den eller dei Jesus er i dialog med tolkar feil.¹⁴² Han meiner at misforståingane er uttalar og konsept som først referer til noko verdslig, men som på djupet – meir på *ekte* – referer til noko guddommeleg. ”*The misunderstanding comes when someone sees the right meaning of the word but mistakenly imagines that its meaning is exhausted by the reference to earthly matters; it is a judgement.*”¹⁴³

Bultmann sin definisjon fangar opp det som er mest typisk for Johannesevangeliet, nemleg bruken av det jordiske til å retta lyset mot det guddommelege. Likevel kan ein spørja seg om det er for restriktivt og om definisjonen ekskluderer misforståingar som kan passa inn på andre område. Er Bultmann for snever her?

Ein som utfordrar Bultmann sitt syn er Herbert Leroy. Han står bak eit av dei mest djuptgåande studia om misforståingar som konsept i Johannesevangeliet. Gjennom formkritisk analyse definerer han misforståingane som skjulte gåter. Det er i følgje han berre elleve slike i Johannesevangeliet, og me finn dei alle i Johannes 2-8.¹⁴⁴ Leroy meiner at Bultmann tok feil når han sa at misforståingane oppstår når guddommeleg mening vert tolka verdslig. I staden hevdar Leroy at misforståingane kjem frå ei todelt mening som vanlegvis høyrer til det særeigne ordforrådet i fellesskapet rundt den Johanninske tradisjon. Difor ville lesarar i denne tradisjonen, dette fellesskapet, forstå heile meininga i det som vert formidla, men for dei som ikkje er ein del av dette og ikkje forstår ordbruken, vil den djupare meininga vera umogleg å skjøna. Samstundes vil den overflatiske meininga sjokkera og kanskje provosera dei. Difor kan ein seia at misforståingane kan sjåast i samanheng med materialet nytta i forkynninga og undervisninga i fellesskapet. I tillegg kan dei demonstrera at jødane ikkje alltid forstod Jesus eller tok i mot openberinga hans.¹⁴⁵ Det kan verka som om Leroy har nokre gode poeng. Men han har òg nokre svakheiter. Culpepper meiner at all innsatsen Leroy har lagt ned i å isolera ei tekstleg form gjorde at han etablerte ein *for* rigid definisjon på emnet. Mellom anna kjem dette til syne ved at han berre rører ved overflata, men likevel avviser Johannes 11, 11-15; 12, 32-34; 11, 23-26; 13,27-29; og 13, 7-11 som misforståingar,

¹⁴² Culpepper, 1983: 152

¹⁴³ Bultmann, 1971: 135 n.1

¹⁴⁴ For Leroy, sjå Culpepper, 1983: 153

¹⁴⁵ Culpepper, 1983: 153

fordi dei ikkje følgjer den normative forma som definisjonen hans av misforståingar som skjulte gåter er bygd på.¹⁴⁶

Lat oss nytta eit døme for å sjå nærare på denne diskusjonen.

3.2.1 JESUS OG NIKODEMUS.

Nikodemus var ein farisear og sat i Rådet til jødane. I Johannesevangeliet kapittel 3 ser me at han kjem til Jesus om natta. Det er det første me kan stoppa opp ved. Under punkt 2.2.3 har me sett på symbolbruken av lys og mørke. Der såg me på at Nikodemus kom til Jesus om natta. Men kan det ha vore andre grunnar enn dei me var innom der? Kan Nikodemus ha vald dette tidspunktet fordi han ikkje ville at mange skulle sjå at han tok kontakt med Jesus? Var det berre på dette tidspunktet Jesus hadde tid til eit spørsmål frå han? Molnoey meiner at teksten her understreker at Nikodemus, ein jødisk leiar, har ei rørsle; frå mørket til lyset. Det er verdt å merka seg denne rørsla, som kan tolkast som ein overgang til trua på Jesus som Messias.¹⁴⁷ Men sjølv om narrativet om Nikodemus og Jesus har mange veldig interessante element, skal me ikkje stoppa opp ved dei i denne oppgåva. Her er det relevant å sjå på den enorme misforståinga som skjer.

Jesus svarar Nikodemus og seier: ”*Sanneleg, sanneleg, eg seier deg: Den som ikkje blir fødd på nytt, kan ikkje sjå Guds rike.*”¹⁴⁸ På gresk er ordet *anáthen* nytta. Det tyder ”igjen” eller ”ovanfrå”. Nikodemus tolkar denne informasjonen som at ein bokstavleg og reint fysisk må verta fødd på ny. Han stiller spørsmålet: ”*Korleis kan ein som er gammal, bli fødd? Ein kan vel ikkje koma inn i morslivet igjen og bli fødd andre gongen?*”¹⁴⁹ Eit legitimt spørsmål når ein har misforstått det eigentlege poenget. Her er det ingen som dukkar opp og gjev ei forklaring eller løysing utanfrå. I staden står det at Jesus svarar og seier at: ”*Den som ikkje blir fødd av vatn og Ande, kan ikkje koma inn i Guds rike.*”¹⁵⁰ Kva er det som skjer her? Kvifor skjønar ikkje Nikodemus kva Jesus siktar til med å verta fødd på ny? Det verker jo som om han får det ganske klart fortald, men likevel ser det ikkje ut til å verta oppfatta. Bultmann sin definisjon på misforståing høver godt i denne samanhengen. Nikodemus

¹⁴⁶ Culpepper, 1983: 154

¹⁴⁷ Moloney, 1998: 91

¹⁴⁸ Joh 3, 3

¹⁴⁹ Joh 3,4

¹⁵⁰ Joh 3,5

blandar saman noko jordisk og noko guddommeleg. Han tolkar jordisk, medan meininga var guddommeleg.¹⁵¹ I vers 3,12 vert det gjort endå meir tydeleg av Jesus at Nikodemus misforstår: ”*Dersom de ikkje trur når eg talar til dykk om dei jordiske ting, korleis kan de då tru når eg talar til dykk om dei himmelske?*”

3.2.2 JESUS OG KVINNA VED BRØNNEN.

Eit anna relevant døme som har eit emne, ”levande vatn”, som går igjen gjennom heile evangeliet er forteljinga om Jesus og den samaritanske kvinna. Kvinna, som ikkje vert namngjeven, og Jesus treff kvarandre ved ei vasskjelde. Jesus seier til kvinna: ”*Om du hadde kjent Guds gåve og visst kven det er som bed deg om drikke, så hadde du bede han, og han hadde gjeve deg levande vatn.*”¹⁵² Termen ”levande vatn” kan òg tyda ”rennande vatn”, noko som var ganske annleis enn det vatnet som var i vasskjelda der dei trong noko å dra opp vatnet med. Her ser me første stad kvinna misforstår. Ho trur Jesus meiner at han skal gje henne vatn frå vasskjelda dei står ved, men det vert vanskeleg sidan han ikkje har noko å dra vatn opp med. Han forsøker å forklara igjen, og utdjupar med å seia at dei som drikk vatnet han vil gje skal aldri meir tørsta. Kvinna tolkar dette som at han kan gje henne noko som gjer at ho ikkje treng koma til vasskjelda for å henta vatn kvar dag. Så vert fokuset retta over på noko anna. Metaforen vert lagt på is, enn så lenge. Den dukkar opp igjen i kapittel 7 i evangeliet.

Truleg skjøna ikkje kvinna, slik Johannes skildrar henne, heilt kva som var meint med metaforen om levande vatn. Men sidan det ikkje vert teke opp igjen i den konteksten, kan det tyda på at det ikkje var det viktigaste.¹⁵³ Lesaren har nemleg fått med seg metaforen, og har truleg kunnskap nok til å sjå forbi den bokstavlege meininga med termen ”levande vatn” og at det ikkje er vatn i den fysiske forstand Jesus siktar til, men heller åndeleg. Det er ein spirituell realitet det eigentleg dreiar seg om her, noko som fører til evig liv.¹⁵⁴

¹⁵¹ Culpepper, 1983: 155

¹⁵² Joh 4,10

¹⁵³ Culpepper, 1983: 156

¹⁵⁴ Koester, 2003: 30

Av og til kan ein som lesar få inntrykk av at det ikkje er så nøye kven det er som misforstår; poenget er at nokon misforstår slik at metaforen kan forklarast eller verta utdjupa. Men det er i følgje Culpepper ikkje heilt tilfeldig. Han hevder at det er ein klar link mellom misforståingane og karakteren som misforstår. Det er stort sett jødar som misforstår. I Johannesevangeliet representerer jødar menneske som har total mangel på forståing for kven Jesus var, *menneskeheita*, difor er det kanskje ikkje overraskande at det er dei som vert framstilt som dei som misforstår i forteljingane.¹⁵⁵ Denne teorien til Culpepper får støtte frå C. K. Barrett og John Painter. Dei har same tankegang, men ser òg ting i eit litt større perspektiv. Dei peikar begge på ein link frå misforståingane i Johannesevangeliet og til noko historisk, nemleg at misforståingane representerer den totale reaksjonen jødedomen har til Kristus: *"The Jews perceived only what was superficially visible in Jesus and naturally rejected the absurd suggestion that he should be the Son of God; if they had penetrated beneath the surface they would have seen its truth."*¹⁵⁶

Det er ein interessant tanke som på mange måtar kan summera opp misforståingane i Johannesevangeliet. Jesus møter fleire jødar, både individuelt, i mindre og i store grupper, og gang etter gang misforstår dei kva han seier. Er det eit hint om at jødane har misforstått kven Jesus var og er? Det er mogleg, men i det større bilete er det nok ikkje berre jødane det er snakk om. Det er vanleg i Johannesevangeliet at personar vert karakterar, at dei representerer noko anna. Når det ofte er jødar som misforstår i Johannesevangeliet kan det vera nærliggjande å tenkja, som nemnd ovanfor, at jødane er eit bilete på menneskeheita, dei representerer heile menneskeheita sin relasjon til Jesus.

Effekten av misforståingane er verd å nemna her. Culpepper hevdar at dei skal byggja opp eit skilje mellom dei som er "innanfor" og dei som er "utanfor", mellom dei som forstår Jesus og dei som ikkje gjer det. Ved å forklara misforståingane vil dei som er utanfor koma nærare og kanskje forstå meir. Ein kan tenkja seg at nokre av misforståingane berre er med i evangeliet for å føra dei som ikkje i utgangspunktet forstår lengre inn i forståinga av Jesus. Var det nokon som verkeleg trudde at Jesus skulle gje den samaritanske kvinna vatn frå ei skjult kjelde, eller at Lasarus berre kvilte middag?¹⁵⁷ Likevel er kanskje den viktigaste funksjonen med bruken av misforståingar å læra lesarane å lesa evangeliet. Ved å nytta misforståingar

¹⁵⁵ Culpepper, 1983: 162

¹⁵⁶ For Barrett & Painter, sjå Culpepper, 1983: 154

¹⁵⁷ Culpepper, 1983: 164

rettar forfattaren fokus mot evangeliet sine metaforar, dobbelttydingar og symbolbruk. Og ved i tillegg å tolka nokre av desse og gå i djupna på den litterære, materielle, ordlege eller generelle tydinga, vil forfattaren guida lesarane gjennom og fram til større forståing av det verkelege evangeliet – dei gode nyhenda om Jesus.¹⁵⁸ Og poenget med evangeliet er nettopp det, å skapa tru på Jesus.¹⁵⁹ Evangeliet er skriva ”... for at de skal tru at Jesus er Messias, Guds Son, og for at de som trur, skal ha liv i hans namn.”¹⁶⁰

Uansett kva den overordna meininga er spelar misforståingane ei viktig rolle for å få fram nøkkelpoeng i evangeliet.

4.0 Tekstgjennomgang av Johannes kapittel 6

Så langt i oppgåva har me sett på Johannesevangeliet som heilskap og forteljing i perspektiv. Me har mellom anna sett på typiske trekk ved Johannesevangeliet, utvida lesing og symbolske narrativ. Heile vegen har både emne og døme vorte tekne med for ein grunn. Denne grunnen skal me handsama i dette kapittelet. Her skal me gjera nytte av all kunnskapen som har vorte samla så langt for å forsøka å finna svaret på problemstillinga: ”Jesus som livets brød i Johannesevangeliet: nattverd?” Det er Johannes kapittel 6, vers 25-59 som vil vera kjerneversa når me skal arbeida med dette. Konteksten desse versa står i er at det nærmar seg påskehøgtida til jødane, og det kjem mykje folk til Jesus ved Galileasjøen. Jesus mettar fem tusen med to fiskar og fem brød. Så dreg han og disiplane vekk frå folket, først kvar til sitt, men så samlast dei idet Jesus kjem gåande på vatnet og bort til disiplane sin båt. Vidare leitar folket etter Jesus. Då dei fann han byrja dei å stilla spørsmål, og det er denne dialogen mellom folket og Jesus, skildra i Johannesevangeliet, som utgjer versa 25-59. Folket stiller spørsmål og Jesus sitt svar vert av forfattaren framstilt på ein måte som forsøker å forklara kven han er og kvifor han er komen til jorda.

Forfattaren av evangeliet understrekar som nemnd at hendingane i Johannes 6 føregår i ei tid som er av stor betydning for jødane. Det er relevant å sjå litt nærare på det. Påskehøgtida var ei viktig høgtid for jødane, og det råda ei allmenn forventning om at Messias skulle koma under

¹⁵⁸ Culpepper, 1983: 165

¹⁵⁹ Hvalvik og Stordalen, 1999: 237

¹⁶⁰ Joh 20, 31

påskehøgtida.¹⁶¹ Så at Jesus mettar så mange og har denne undervisninga når påskehøgtida nærma seg, er ikkje tilfeldig frå Johannes si side: han set Jesus sine ord om brødet som kjem frå himmelen saman med påskekonteksten. Ved å gjera det kan dei som følgjer med i timen sjå samanhengen mellom skriftene og hendingane, og så koma til tru på Jesus som det levande brødet som skulle koma.¹⁶² Brødunderet, som er eit *bespisningsunder*, skjer i påskehøgtida, og det er relevant for denne oppgåva. Johannesevangeliet skil seg, som nemnd tidlegare, på mange måtar frå synoptikarane. Men her er det interessant å merka seg at Johannes 6 står i same kontekst, nemleg påskehøgtida, som den innstiftinga av nattverden står i hjå synoptikarane.¹⁶³ Kvifor vel forfattaren av Johannesevangeliet å halda seg relativt nært til synoptikarane i dette tidsaspektet? No er det ikkje direkte innstifting av nattverden i Johannesevangeliet, slik som hjå synoptikarane, likevel er det interessant at brødunderet og Jesus sin tale om at han er livets brød vert plassert i same tidsmessige kontekst som innstiftinga av nattverden i Matteus-, Markus- og Lukasevangeliet. Samstundes må me merka oss at sjølv om tida er den same, er ikkje geografien den same. Dialogen rundt Jesus som livets brød i Johannesevangeliet skjer i Kapernaum, i Galilea, medan innstiftinga av nattverden i dei synoptiske evangelia skjer i Jerusalem før Jesus vert krossfest. Krossfestinga skjer ikkje før seinare i Johannesevangeliet, nemleg i kapittel 19.

For å finna svaret på problemstillinga vil ei eksegese av Johannes 6 vers 25-59 vera viktig å inkludera, men i staden for å ha ei eksegese no for så å nytta den for å løysa problemstillinga seinare, vil det gå parallelt. Det vil seia at i dette kapittelet vil versa i Johannes 6, 25-59 verta gjennomgått når det høver til emnet som vert nytta for å retta lys på problemstillinga. Det vil likevel skje ganske kronologisk ut frå måten versa er presenterte på i kapittelet. Ved å gjera det slik vil bibeltekst og problemstilling utfylla kvarandre godt, og dei relevante versa vil verta nytta der det er behov for det. I tillegg vil det som har vorte gjennomgått i dei tidlegare kapitla liggja som bakgrunnsteppe for drøftinga i dette kapitlet, og vil verta teke med i drøftinga der det er høveleg. Slik har eg vald å løysa problemstillinga for å gjera det på ein ryddig og tydeleg måte.

¹⁶¹ Byars, 2011: 272

¹⁶² Byars, 2011: 272

¹⁶³ Matt 26, 17ff; Mark 14, 12 ff; Luk 22, 1ff

4. 1 "Arbeid for den mat som varer og gjev evig liv"¹⁶⁴

Folkemengda, særleg jødane, på Jesus si tid var opptekne av Lova. Det var viktig å gjera det som var rett, og arbeida for det som kunne tilfredsstilla Gud.¹⁶⁵ Det er ei viktig forståing å ha med i møte med versa i Johannes 6.

For å forstå talen i Johannesevangeliet om brødet frå himmelen må me sjå nærare på dei versa som tek oss tilbake til ørkenvandringa i 2.Mosebok. I Johannes 6 25-29 stiller folket eit spørsmål som gjer at Jesus byrjar å undervisa folkemengda om viktigheita av å ikkje arbeida *"...for den mat som forgår, men for den mat som varer og gjev evig liv."*¹⁶⁶ Spørsmålet som startar dialogen vert stilt i vers 25, *"Rabbi, når kom du hit?"*, og det syner at dei forstår Jesus ut frå sin eigen kontekst og at dei undervurderer han ved å stilla spørsmål om kva tid han kom til ulike stader.¹⁶⁷ Ut frå vers 22, der folket undra seg over kvar Jesus var, er det ikkje eit ulogisk spørsmål, men sist dei hadde sett han hadde dei ønskja å gjera Jesus til konge.¹⁶⁸ I følgje Moloney ser det ut som om folkemengda har gått bakover i forståinga si av Jesus.¹⁶⁹ Men det er ikkje første gong folk undrar seg over kvar Jesus, eller ting Jesus fører med seg, kjem i frå. Eit par døme på dette ser me både i Johannes 2 der kjøkemeisteren ikkje veit kvar vinen kjem frå, og han seier til og med at *"Du har gøymd den gode vinen til no."*¹⁷⁰ Den samaritanske kvinna i Johannes 4 undra seg over at Jesus sa at han vil gje henne levande vatn, for han hadde ikkje noko å dra opp vatn med. Ho spør difor: *"Kvar får du det levande vatnet frå?"*¹⁷¹

Difor må spørsmålet: *"Rabbi, når kom du hit?"* takast med i forståinga av Jesus. Det inviterer til det litt mysteriøse rundt Jesus.

I vers 24 skildrar Johannesevangeliet ein Jesus som oppfattar at folket ikkje lenger hentar motivasjon frå teikna, men heller i det at dei fekk brød frå Jesus. *"I stedet for at de i brødet skulle ha sett tegnet, hadde de i tegnet bare sett brødet."*¹⁷² Spørsmålet frå folket syner klart at dei forstår Jesus på eit verdsleg nivå, fordi dei ønskjer seg brød som mettar på jorda. Slik

¹⁶⁴ Joh 6, 27

¹⁶⁵ Moloney, 1989: 209

¹⁶⁶ Joh 6, 27

¹⁶⁷ Moloney, 1998: 208

¹⁶⁸ Joh 6, 15

¹⁶⁹ Moloney, 1998: 208

¹⁷⁰ Joh 2, 9-10

¹⁷¹ Joh 4, 11

¹⁷² Moe og Wisløff, 1969: 81

ignorerer dei teikna som peikar på Jesus sin identitet, og rettar heller fokuset på gratis mat.¹⁷³ Ein kan trekkja ein link mellom korleis folket reagerer og tenkjer her, og korleis den samaritanske kvinna reagerte i Johannes kapittel 4 då fokuset var på levande vatn, men i motsetnad til ho, kom ikkje dei fleste av folka i kapittel 6 til tru på Jesus i forteljinga.¹⁷⁴ Vidare vert folket instruert i å, i følgje vers 27, arbeida for den maten som varer og gjev evig liv (*ten brosin ten menousan*), ikkje den maten som forgår (*ten brosein ten apollumenen*). Dette er eit uttrykk som òg dukka opp i kapittel 4, 32-34:

Han svara: "Eg har ein mat å eta som de ikkje veit om." Då sa læresveinane seg imellom: "Kan nokon ha bore mat til han?" Men Jesus sa til dei: "Min mat er å gjera det han vil, han som sende meg, og fullføra hans verk."

Det vert peikt på eit brød som overgår brød ein får frå jorda, og det er dette som må vera målet for menneska si søking, det er for *"den mat som varer og gjev evig liv, den som Menneskesonen skal gje dykk"* menneska må arbeida.¹⁷⁵ Ordet "varer" må me stoppa litt opp ved. På gresk: *"menousan"*, eller *"menå"*. Det kan omsetjast med "å vara", eller "remain" på engelsk¹⁷⁶. Eit uttrykk som me òg finn i Johannes 15 der Jesus vert skildra som det sanne vintreet og Faderen som vinbonden. Folket vert oppmoda til å vera i Jesus, så vil han vera i dei. Det vert gjeve eit løfte: *"Blir de verande i meg, og blir orda mine verande i dykk, så be om kva de vil, og de skal få det."*¹⁷⁷ Det er òg ein tydeleg metafor her: *"Den som ikkje blir verande i meg, blir kasta ut som ei grein og visnar."*¹⁷⁸ Ordet "menå" er eit uttrykk for det mest intime fellesskapet med Jesus. Når det då vert nytta i Johannes 6, 27, og i ein kontekst der folket vert oppmoda til å arbeida for den mat som "varer (*menousan*) og gjev evig liv", og når dialogen vidare syner at det er Jesus som er denne maten som gjev evig liv og varer, då kan det tolkast dit at det er *fellesskapet* med Jesus som er nøkkelen.

"Den mat som Menneskesonen skal gje dykk" står det i vers 27b. Altså er det frå Menneskesonen, og ingen andre, folket skal få maten som varer og gjev evig liv. Det betyr at sidan Jesus, Menneskesonen, er den einaste openberrar frå Gud¹⁷⁹, må han verta "lyfta opp"

¹⁷³ Keener, 2003: 676

¹⁷⁴ Keener, 2003: 677

¹⁷⁵ Moloney, 1989: 208

¹⁷⁶ Greek-English dictionary

¹⁷⁷ Joh 15, 7

¹⁷⁸ Joh 15, 6

¹⁷⁹ Joh 3, 13

slik Moses lyfta ormen opp i øydemarka¹⁸⁰ for å gjera Gud kjend.¹⁸¹ Desse orda fører til mange spørsmål om både kva mat det er snakk om og kvar ein kan finna den. Det er interessant å sjå på bruken av tidsbruken i setninga: ”..som Menneskesonen *skal* gje dykk.”¹⁸² Når skal dette skje og korleis? Tid i Johannesevangeliet er komplisert og komplekst. Men det er ei viktig sak å ha stoppa litt opp ved. For det er vanskeleg å fastsetja noko heilt konkret i måten forfattaren talar om tid på. Eit døme er Johannes 4, 23: ”*Men den timen kjem, ja, han er alt komen, då dei sanne tilbedarane skal tilbe Far i ånd og sanning.*” Kapittel 5, 25 er ganske tilsvarande: ”*Det kjem ein time, ja, han er alt komen, då dei døde skal høyra røysta til Guds Son, og dei som høyrer, skal leva.*” Forfattaren hoppar i tid, litt i framtid, litt i fortid. Så det er ikkje enkelt å sjå kva som er meint med tidsaspektet her.

Så kan ein spørja seg om kor ekte dette løftet er. I teksten står det at Menneskesonen skal gje folket denne maten som varer evig, men kva er Menneskesonen sin legitimitet? Svaret vert gjeve i neste setning: ”*For på han har Far, Gud sjølv, sett sitt segl.*”¹⁸³ Ut frå dette kan ein i følge Barrett lita på løftet, fordi det er ”*God the Father who attests the authority and the truth of Jesus*”¹⁸⁴ Ved å understreka at det er Gud som har satt sitt segl på Menneskesonen, syner forfattaren det unike ved Jesus som Menneskesonen.¹⁸⁵ I teksten står termen, ”*sett sitt segl*”, i aorist, noko som kan referera til ei bestemt handling som hende på eit gjeve tidspunkt og som varer. Byars meiner at ”seglet” som vert nemnd her refererer til Anden som vart gjeven i Jesus sin dåp i Johannes 1, 32-33.¹⁸⁶ Likevel er det i følge Keener meir sannsynleg i denne konteksten at beseglinga av Jesus referer til teikna som Gud lét Menneskesonen gjera.¹⁸⁷

Vidare, i vers 28, stiller folket spørsmålet: ”Kva gjerningar er det då Gud vil vi skal gjera?” Igjen kjem det fram kor prega folkemengda er av Lova. Spørsmålet avheng av den jødiske trua på at Lova, som vart gjeven gjennom Moses, gjev direkte tilgang til Gud. Då vil ein, ved å gjera det Lova krev, gjera det som vil tilfredsstilla Gud.¹⁸⁸ Samstundes kan det bera preg av å ha med seg ein funksjon frå tidleg kristendom, der fokuset ligg på *korleis* ein skal verta frelst. Dei ”gjerningane” Gud vil at dei skal gjera kan ha fleire tydingar. Dei kan referera til

¹⁸⁰ Joh 3, 14

¹⁸¹ Joh 1, 51

¹⁸² Joh 6, 27. Underteikna har satt kursiv i bibelverset.

¹⁸³ Joh 6, 27c

¹⁸⁴ For Barrett sjå Moloney, 1989: 209

¹⁸⁵ Moloney, 1989: 209

¹⁸⁶ Byars, 2011: 269

¹⁸⁷ Keener, 2003: 677-678

¹⁸⁸ Moloney, 1989: 209

Gud sine egne gjerningar, men dei kan òg indikera bod. Det er truleg dette siste dei refererer til i denne konteksten; ”gjerningar” kan handla om etikk.¹⁸⁹

Svaret som vert gjeve her i kapittel 6, vers 29 viser at vegen til Gud ikkje går gjennom å gjera dei gjerningane Lova krev, derimot vil ein heller koma til Gud ved å gå gjennom Sonen som gjer Gud kjent.¹⁹⁰ Den einaste måten ein kan gjera dei gjerningane Gud vil er å tru på han som Gud har sendt, det er den gjerninga Gud vil at menneska skal gjera.¹⁹¹ I Bibel 2011 er omsetjinga ”gjerningar”, medan på engelsk nyttar ein heller ordet ”work”.¹⁹² Dette var sentralt i jødisk etikk, og nokre greiner med tidlege kristne sette arbeid eller gjerningar opp mot tru. Johannesevangeliet nyttar termen ”gjerningar/arbeid” på ein enkel måte: i staden for å arbeida for faktisk mat, slik dei fleste gjorde heile året, skulle dei ”arbeida” for det Menneskesonen ville gje dei.¹⁹³ Folket var invitert til å arbeida for evig liv,¹⁹⁴ og dei undra på kva Jesus definerte som arbeid eller gjerningar.¹⁹⁵ I følgje Keener isolerte aldri jødisk tradisjon gjerningar frå tru. Men i kontrast til tradisjonen deira (der tru var ei gjerning blant fleire), definerer Jesus trua på han som den einaste naudsynte gjerninga for evig liv.¹⁹⁶ Det er dette dei skal arbeida for; brødet som gjev evig liv, og arbeidet er å tru på han som Gud har sendt. Tru på brødet, tru på Menneskesonen.

4. 2 ”Det er Far min som gjev dykk det sanne brødet frå himmelen.”¹⁹⁷

Sanning er eit nøkkelomgrep i Johannesevangeliet, og i vår tekst skil dette ordet brødet i Johannes 6 frå mellom anna mannabrødet som kom i øydemarka i 2.Mosebok. Kontrasten vert tydeleg: mannabrødet var ikkje *sant* brød, slik det brødet Jesus er vert framstilt som det *sanne* brødet. I tillegg vert Jesus tillagt følgjande ord i Johannes 6, 55: ”*For kroppen min er sann mat, og blodet mitt er sann drikk.*” Kva er denne sanne maten og drikken, og det sanne brødet frå himmelen? I teksten vår held folkemengda fram med å spørja Jesus om kva teikn han gjer. Dei vil sjå det, slik at dei kan koma til tru på han. Som nemnd ovanfor verkar det som om dei ignorerte, eller ikkje såg, det brødunderet symboliserer – fokuset deira låg på brødet og det at

¹⁸⁹ Keener, 2003: 678

¹⁹⁰ Joh 1,18

¹⁹¹ Joh 6, 29

¹⁹² New Revised Standard Version Bible, 1989

¹⁹³ Keener, 2003: 677

¹⁹⁴ Joh 6, 27

¹⁹⁵ Joh 6, 28

¹⁹⁶ Keener, 2003: 677

¹⁹⁷ Joh 6, 32

dei vart mette. Oppførselen til folket syner igjen at dei ikkje ønskjer å sjå og tru på Jesus, slik dei seier at dei vil. Keener meiner at folket flyttar ansvaret for si eiga tru over på Jesus i staden for på seg sjølv. Dei søkjer ein politisk Messias som vil koma med politisk fridom, ikkje fridom frå synd.¹⁹⁸

I dette delkapitlet er me inne i kjernedelen av avhandlinga. Johannesevangeliet tek oss djupare inn i avsendarrolla, og fokuset på kva som vert sendt vert større. Vers 30-33 lyder som følgjer:

”Kva teikn gjer du, så vi kan sjå det og tru på deg?” spurde dei. ”Kva vil du gjera? Fedrane våre åt manna i øydemarka, som det står skrive: Brød frå himmelen gav han dei å eta. Jesus svara: ”Sanneleg, sanneleg, eg seier dykk: Moses gav dykk ikkje brødet frå himmelen. Det er Far min som gjev dykk det sanne brødet frå himmelen¹⁹⁹. Guds brød er det brødet som kjem ned frå himmelen og gjev verda liv.”

Kva er dette sanne brødet Jesus talar om i kapittel 6? Folket vert forvirra og konfronterer Jesus med at fedrane deira fekk eit brød i øydemarka, mannaen, i 2.Mosebok. Folkemengda viser til ein tekst som dei nyttar for å testa Jesus: dersom han er ein profet slik som Moses var, burde han klara å gje dei brød frå himmelen på same måte som Moses gjorde. Måten dei spør på, slik Johannes skildrar det, gjev ein moglegheit for at Jesus sitt svar kan verta treffande. Folket sitt syn på ”frå himmelen” er henta frå 2.Mosebok 16,4 eller Salme 78,24 og var ikkje unaturleg å ha med i dei tekstane, men vil av lesarar i ettertida kunna verta tolka som eit bilete på Jesus. I Johannes si framstilling forstår Jesus folket sin tekst annleis. Der dei set sin lit til sine tidlegare fedrar, som har døydd, er det viktigare for Jesus å prata om folket sine behov framfor det behovet fedrane deira hadde.²⁰⁰ For det er ein viktig skilnad: brødet israelfolket fekk i øydemarka varte berre éin dag. Det kom nytt kvar dag, men det vart dårleg då dagen var omme og kunne difor berre etast den dagen det vart samla. Det var eit forgjengeleg brød. I svaret frå Jesus vert det klart at det som hende i øydemarka ikkje kan måla seg med det som no skjer, for no har det sanne brødet kome. Det var det fleire grunnar til, dei skal me sjå nærare på i det følgjande.

¹⁹⁸ Keener, 2003: 678

¹⁹⁹ Mine understrekingar

²⁰⁰ Keener, 2003: 679

For det første var det ikkje Moses som gav israelsfolket brødet den gongen heller, det var Gud²⁰¹, noko som understrekar nok ei misforståing frå folket.

For det andre er det ein kontrast mellom brødet i øydemarka og det brødet det vert tala om i Johannesevangeliet. Brødet i øydemarka var ikkje *sant* brød, det står berre: *Då sa HERREN til Moses: "Sjå, eg vil la det regna brød ned til dykk frå himmelen."*²⁰² I Johannes 6, 32 står det: *"Det er Far min som gjev dykk det sanne brødet frå himmelen."* Det brødet som er sant vert gjeven frå Gud, og *"Guds brød er det brødet som kjem ned frå himmelen og gjev verda liv."*²⁰³ Det sanne brødet frå himmelen vert gjeven frå Gud, og det vert gjeven no. Ved å nytta denne ordbruken understreker forfattaren av evangeliet at brødet det her er snakk om er meir essensielt og tydeleg annleis enn mannaen som vart gjeven i øydemarka, fordi dette er det *sanne* brødet frå himmelen. Ein link me kan nemna i denne samanheng er dette med "ovanfrå" i Johannesevangeliet. Særleg i Johannes 3 kjem det fram at det som kjem ovanfrå er over alle. Sandnes seier at ein lærd person som Nikodemus burde hatt kunnskap om Jesus som strekk seg lengre enn til å vita at Jesus er "ein lærar som er komen frå Gud"²⁰⁴. Men den kunnskapen har ikkje Nikodemus, han klarer ikkje å skjønna at Jesus er ovanfrå.²⁰⁵ Altså er det tydeleg både i Johannes kapittel 3 og 6 at det som kjem ovanfrå er noko spesielt. Jesus som livets brød er meir enn mannabrødet.

Bruken av "sanne" (*alethinos*) set dette brødet over alle andre brød, sjølv det brødet fedrane til israelsfolket fekk gjennom Moses.²⁰⁶ Posisjonen ordet "sann" har i setninga er viktig. For ved å kalla dette brødet for "sant" stiller det seg inn i rekka med metaforar i evangeliet: Jesus, i staden for døyparen Johannes, er det "sanne lys"²⁰⁷; dei som tilbed i Anden heller enn i tempelet er "sanne tilbedarar"²⁰⁸; Jesus er det "sanne vintre".²⁰⁹ På same måte er Gud sanning,²¹⁰ Jesus sin dom er sanning,²¹¹ og disiplane si vitneutsegn er sanning.^{212 213} Det er interessant å sjå at i sitatet frå 2.Mosebok 16,4ff står verbet "å gje" i fortid, medan i

²⁰¹ 2.Mosebok 16,4

²⁰² 2. Mosebok 16,4a

²⁰³ Byars, 2011: 271

²⁰⁴ Joh 3,2

²⁰⁵ Sandnes, Karl Olav, 2005: *Whence and Whiter A Narrative Perspective on Birth ἀνωθεν (John 3,3-8)*. Biblica, vol. 86. 2005, Side: 155

²⁰⁶ Moloney, 1998: 212

²⁰⁷ Joh 1, 9

²⁰⁸ Joh 4, 23

²⁰⁹ Joh 15, 1

²¹⁰ Joh 7,28; 17,3

²¹¹ Joh 8, 16

²¹² Joh 19, 35

²¹³ Keener, 2003: 682

Johannesevangeliet, der Jesus talar om det sanne brødet frå himmelen, står det i forma presens, nemleg: ”gjev”. Det er dette brødet som gjev liv til verda i ei kontinuerleg hending.²¹⁴ I vers 33 vert det markert at det brødet som kjem ned frå himmelen gjev verda liv. Men var ikkje det akkurat det mannabrødet i øydemarka òg gjorde? Det skal me sjå nærare på i neste delkapittel.

4.3 Jesus som livets brød

Me har sett på at symbolske narrativ utfoldar symbol og utvidar perspektiv. Me har sett korleis misforståinga tek den samaritanske kvinna si forståing frå eit fysisk nivå og opp til eit åndeleg nivå. Utviklinga er synleg. Og det er i det spranget at spørsmålet om nattverden melder seg. Me har sett litt på kontrastane mellom det brødet fedrane fekk i øydemarka, og det som Johannesevangeliet talar om. Mannaen i øydemarka ville verta øydelagt når kvelden kom²¹⁵, men slik er det ikkje med det sanne brødet frå himmelen. I vers 34 kjem det fram at folkemengda igjen misforstår. Me såg på slike typiske misforståingar i Johannesevangeliet i kapittel 3.2, og det er nettopp ei slik misforståing me møter her når folket framleis ikkje ser djupna og det som er den eigentlege meininga i teksten, men dei fokuserer heller på brødet som vil metta svolten deira der og då²¹⁶. Misforståinga vert retta opp i vers 35. Der kjem sanninga fram om kva – eller meir korrekt *kven* –, som er livets brød. Folket bed Jesus om å alltid gje dei dette brødet. Svaret hans strid med det dei forventa: *”Eg er livsens brød. Den som kjem til meg, skal ikkje hungra, og den som trur på meg, skal aldri tørsta.”*²¹⁷ Dette er den første av dei sju *”Egå eimi”*-uttrykka frå Jesus²¹⁸. Som med alle liknande *”Eg er”*-uttrykk Jesus kjem med, skildrar han ikkje kven han er, men kva han gjer: Nemleg at han gjev næring med eit brød som gjev liv. Evig liv.²¹⁹ Jesus er brødet som gjev og opprettheld *”liv”*, nemleg livet i Guds rike. Dette er det han vil gje til dei som *”kjem”* til han og som *”trur”* på han: *”Den som kjem til meg, skal ikkje hungra, og den som trur på meg, skal aldri tørsta.”* står det i vers 35. Bruken av dei negative uttrykka *”ου μη”* og *”ου μη ποποτε”* er veldig sterke.²²⁰

²¹⁴ Beasley-Murray, 1987: 91

²¹⁵ 2.Mosebok 16

²¹⁶ Beasley-Murray, 1987: 92

²¹⁷ Johannes 6,35

²¹⁸ Beasley-Murray, 1987: 92

²¹⁹ Moloney, 1998: 214

²²⁰ Beasley-Murra, 1987: 92

Her er det òg viktig å sjå heilskapen og ta med det jødiske perspektivet. Linken til Visdomstanken i jødisk tradisjon er vesentleg. I Sirak 24, 21²²¹ er det Visdomen som talar. Visdomen er i fokus, og er identifisert med Toraen. Difor vert bruken av symbola rundt å eta og drikka viktig for å oppnå eskatologisk frelse gjennom Guds ord og Visdom.²²² I følge Keener vert Jesus tillagt eit språk i Johannes 6 som knyt seg direkte til guddommeleg visdom, på same måte som då han lova den samaritanske kvinna at den som drikk frå vatnet han vil gje aldri vil tørsta²²³. Det å skulle koma til nokon for å aldri tørsta meir, kan koma frå ein visdomstanke i Sirak kapittel 51, 23-24.²²⁴ men i Johannesevangeliet sin kontekst, særleg i prologen, vert det sikta til Visdomen sjølv; at det er Visdomen som inviterer dei som høyrer det ho seier til å koma til ho for å få stilt deira svolt og tørste. I Sirak kapittel 24,19-21 står følgjande *”Those who eat of me will hunger for more, and those who drink of me will thirst for more.”*²²⁵

Likevel er det ein skilnad mellom Visdomen og Jesus. For Jesus er større i den forstand at der Visdomen lover at dei som et og drikk av henne vil svelta og tørsta for meir, understreker Jesus på den andre sida at den som kjem til han og trur på han aldri vil svelta eller tørsta for noko anna. *”When one follows Jesus, one gets all that is available.”*²²⁶ Jesus påstår at han perfeksjonerer den tidlegare gåva, nemleg det livgjevande som vert gjeve i Toraen. Slik vert grensene til ”Det lova folket” brote ned, sida Jesus lovar at alle som vil koma til han (*ho erchomenos pros eme*) ikkje vil svelta og at alle som trur på han (*ho pisteuon pros eme*) ikkje skal tørsta. Ein kan ganske trygt seia at det å koma til Jesus og det å tru på Jesus betyr same ting. Løftet går ut på at dei som kjem til Jesus og trur på han vil finna kvile frå det evigvarande søket etter Visdom. Det er ikkje lenger Moses, mannabrødet, Visdomen eller Toraen som kan gje naudsynt næring til folk. Jesus, livets brød, vil tilfredsstilla dei djupaste behova i menneska, og gjera slutt på all svolt og all tørste.²²⁷ Ikkje berre for israelsfolket, men for alle folkeslag. Det utvida perspektivet me såg på i delkapittel 2.4 ser me igjen her.

²²¹ bibel.no/De deuterokaniniske bøkene

²²² Beasley-Murra, 1987: 92

²²³ Joh 4,14; 6,35

²²⁴ bibel.no/De deuterokaniniske bøkene

²²⁵ NRSV, Holy Bible, 1989.

²²⁶ Keener, 2003: 683

²²⁷ Moloey, 1998: 214

4.4 Jesus som svaret på jødane sine spørsmål

Kva er det med Jesus som gjer at han vert utropt som livets brød? Kva er det spesielle, kva er det han har å by på som ikkje kan måla seg med noko anna? Me har vore innom det faktum at han ikkje talar om fysisk mat, men åndeleg. Det brødet Jesus vil gje er uforgjengeleg, i motsetnad til brødet israelsfolket fekk i øydemarka. I vers 35 vert det understreka kven Jesus er, og kva følgjer det får for dei som kjem til han og trur på han. Dette med å "koma" og "tru" er nøkkelord. Det vert opna opp for eit universalt perspektiv. Det evige livet, brødet som varer evig og gjev liv er ikkje berre for eitt folkeslag, men rekk lengre enn det. Det gjeld ikkje berre for den generasjonen, men òg for komande generasjonar. I versa som følgjer vert det gjort nærare greie for kva Jesus som livets brød tyder. Først, i vers 36, vert folkemengda sett på plass av Jesus sine ord: *"Men eg har sagt dykk: Endå de har sett meg, trur de ikkje."* Kritikken er til å ta og føla på; dei har sett han, sett teikna han gjorde, men likevel trur dei ikkje. Korleis vert denne kritikken motteken? Vert folka enno meir forvirra? Vert dei provoserte? Det er lett for lesarar i ettertida å sjå heilskapen, sjå at folkemengda faktisk har misforstått mykje, men det er tilsynelatande ikkje lika lett for dei som stod midt i det. Folkemengda sine spørsmål og misforståingar, og Jesus sine svar opnar igjen opp perspektivet i det symbolske narrativet. Frå det fysiske teiknet der folket vert metta av fisk og brød, til eit tilbakeblikk på mannaunderet i øydemarka, og til Jesus som livets brød. Vidare til at folket skal eta Jesu kropp og drikka hans blod. Gjennom Johannes 6 går det ei vandring i kva dette tyder. Ei vandring i det utvida perspektivet. Difor fortset teksten med å greia ut kva som eigentleg er meint med Jesus som livets brød.

Vegen vidare startar med eit løfte: *"Alle dei som Far gjev meg, kjem til meg, og den som kjem til meg, skal eg så visst ikkje visa bort."*²²⁸

Jesus vert presentert som perfeksjonen på Lova. På same måte er Jesus sitt nærvær på jorda ein refleksjon av Faderen si vilje, for det er for å gjera det *"han som sende meg"* vil at Jesus er komen.²²⁹ Det er Faderen som gjev,²³⁰ Faderen som sender²³¹ og den som er send responderer uavgrensa på vilja til den som har send han.²³² At det er Faderen si vilje Jesus er komen for å fylla vert altså understreka i Johannes 6. Jesus vert framstilt som løysinga, som den som i

²²⁸ Joh 6, 37

²²⁹ Joh 6, 38

²³⁰ Joh 6, 37

²³¹ Joh 6, 38a

²³² Joh 6, 38b

sanning kunne oppfylle Faderen sin vilje. Og Faderen sin vilje vert presentert i Johannes 6, 39 - 40:

”Og det han vil, han som sende meg, er at eg ikkje skal mista nokon av alle dei han har gjeve meg, men reisa dei opp på den siste dagen. For det vil Far min, at kvar den som ser Sonen og trur på han, skal ha evig liv, og eg skal reisa han opp på den siste dagen.

Det er verdt å nemna at bibelteksten over er tilsvarande den i Johannes 18, 9, der Jesus sine ord vitnar om at han ikkje har mista nokon av dei folka han vart gjeven. I motsetnad til brødet som vart gjeve til eitt folkeslag, for å metta dei i øydemarka, vil Faderen ved å senda Jesus nå ut til *alle* menneske, utvida perspektiv. Alle dei som Faderen gjev Sonen, dei som kjem til han og trur, vil få evig liv. Men når kjem dette evige livet? Jesus sine ord i vers 35 står i futurum. I følge Moloney tyder det at Jesus ein gong i framtida vil sørgja for evigvarande mat og drikke.²³³ Det evige livet vil koma, men invitasjonane har allereie vorte delte ut. Det er mogleg å ta i mot, koma til han som er livets brød og tru på han.

Det skjer eit par endringar i dialogen i vers 41. Tidlegare i kapittelet har dialogen vore mellom Jesus og ”folkemengda”, men no vert ”folkemengda” byta ut med ”Jødane”. Me såg i delkapittel 3.2 at ”jødane” ofte vert presentert som dei som misforstår Jesus i Johannesevangeliet. Samstundes vert tonen litt annleis her. Det verkar nesten som om det ut frå folkemengda kjem nokre personar, presentert som ”jødane”, som er meir fiendtleg innstilt. Det står at dei ”murra” mot Jesus fordi han sa at han var brødet frå himmelen. ”Murringa” minner lesaren om måten israelittane oppførte seg på i øydemarka i 2.Mosebok 15, 24.²³⁴ Vers 41 – 46 syner eit stemningsskifte, det verkar som om både folket og Jesus er lei; folket av å ikkje skjøna, og Jesus av at folket ikkje skjønner. I versa 47 – 51 verkar det nesten som om forfattere presiserer og gjer eit nytt forsøk på å forklara så enkelt og konkret som mogleg det kapittel 6 handlar om, nemleg kven Jesus var, kvifor han var komen og korleis ein skulle oppnå evig liv.

²³³ Moloney, 1998: 214

²³⁴ Moloney, 1998: 217

4.5 Kroppen, trua og det evige livet

Når Johannesevangeliet skildrar Jesus som livets brød kjem ein ikkje forbi å tenkja over kva det eigentleg har å seia at tittelen ”livets brød” vert nytta, som i vers 35. Det brødet som gjev evig liv til den som tek i mot og trur. I vers 47 står det: ”Den som trur, har evig liv.” Nesten som ei oppsummering. Det er det det handlar om, men så er det ikkje berre for jødane til å leggja vekk alt dei er oppdregne til å tru på, leva etter og lita på. Difor knytr forfattaren av evangeliet Jesus saman med den jødiske tradisjonen, slik at det skal verta klart for folket kven Jesus er, for at det skal verta lettare for dei å koma til han og tru på han. Så ser me igjen at jødane misforstår. Jesus seier i vers 51: *”Eg er det levande brødet som er kome ned frå himmelen. Den som et av dette brødet, skal leva til evig tid. Og det brødet eg vil gje, er kroppen min som eg gjev til liv for verda.”* På gresk er ordet ἡ σαρξ (*sarks*) nytta der den norske omsetjinga har ”kroppen”. Dette opnar for det Borgen skildrar som fire punkt²³⁵: Det første er spørsmålet jødane reiser i sin respons i vers 52: *”No vart det strid mellom jødane, og dei sa: ”Korleis kan han gje oss kroppen sin å eta?”* Eit legitimt spørsmål. Korleis er det fysisk mogleg? Men det er truleg ikkje det Jesus siktar til. Poenget var ikkje at dei fysisk skulle eta Jesus sin kropp, men igjen ser me at jødane misforstår. Dei lytta til det fysiske i staden for å sjå det djupare nivået, det symbolske. Ved å eta kroppen og drikk blodet til Jesus tek ein i mot og vert verande i han, slik det står i vers 56: *”Den som et min kropp og drikk mitt blod, blir verande i meg og eg i han.”* Då kjem ein til han, tek imot og trur. Då skal ein få evig liv og bli verande i Jesus og Jesus i dei som tek imot. Men dette spørsmålet i vers 52 fører til tre punkt som Borgen meiner kommenterer dette spørsmålet: Vers 53 stiller ein betingelse: *”Dersom de ikkje et kroppen til Menneskesonen og drikk blodet hans, har de ikkje livet i dykk.”* Vers 54 og 56 har ein meir involverande form, her dukkar ordet *menei*, *”blir verande”*, opp igjen og understreker fellesskapet som oppstår i det ein et Jesu kropp og drikk hans blod. Vers 58 er det siste punktet Borgen fokuserer på, og han lyfter det fram som den konkluderande delen i heile dialogen. Det er i vers 58 Jesus som livets brød heilt tydeleg vert skild frå brødet israelsfolket fekk i øydemarka, det er her det på ny vert understreka at Jesus er brødet som har kome ned frå himmelen, og at det er dette brødet som vil gje evig liv.

Det er interessant å merka seg skilnaden på korleis synoptikarane og Johannes skildrar ordet ”kropp”. Synoptikarane nyttar ordet *soma*, medan Johannes nyttar ordet *sarks*. Kva er skilnaden mellom dei? I ordboka vert *sarks* skildra mellom anna som ”kjøtt”, ”fysisk kropp”,

²³⁵ Borgen, 1981: 89

”menneskeleg natur” og ”jordleg opphav” *Soma* vert skildra som ”lekam”, ”levande lekam”, ”fysisk lekam”, ”(Kristi) lekam”, ”kyrkja”, ”realitet eller substans” (i motsetnad til ein skugge)²³⁶. Her er det altså litt ulikskapar. Det er nærliggjande å oppfatta Johannesevangeliet som meir konkret og fysisk enn synoptikarane. Når Johannes i tillegg nyttar omgrepet *ho trågå*, som omsett tydar å eta/tyggja, vert heile skildringa av kva ein skal gjera med Jesus sin kropp veldig fysisk og konkret.

Kan dette vera nattverd? Slik Jesus i dei synoptiske evangelia ga disiplane vin og brød og kalla det sin kropp og blod. I dei tre synoptiske evangeliet vert blodet kalla ”paktblodet”, eit teikn på den pakta Jesus gjorde med menneska då han ofra seg sjølv på krossen. Ein invitasjon til fellesskap. Dette står ikkje så konkret i Johannes 6, men det som står er at det er ved å eta kroppen og drikka blodet ein får liv i Jesus og fellesskap med han:

*”Jesus sa til dei: ”Sanneleg, sanneleg, eg seier dykk: Dersom de ikkje et kroppen til Menneskesonen og drikk blodet hans, har de ikkje livet i dykk. Den som et min kropp og drikk mitt blod, har evig liv, og eg skal reisa han opp på den siste dagen. For kroppen min er sann mat, og blodet mitt er sann drikk. Den som et min kropp og drikk mitt blod, blir verande i meg og eg i han.”*²³⁷

Det ligg meir føre som eit krav. Men kvar går skiljelinjene mellom det å koma til Jesus og tru på han, og det å eta kroppen og drikka blodet hans? Er dei to avhengige av kvarandre? Kvifor har ikkje Johannes med ei tilsvarande innstifting av nattverden som synoptikarane? Såg ikkje forfatternen på det som naudsynt? Var det underforstått at ein skulle gjera det sånn som Matteus, Markus og Lukas legg det fram? Kanskje det største spørsmålet er om Jesus faktisk innstifta nattverden slik synoptikarane skal ha det til, eller om Johannes si utgåve er meir korrekt. Der dei synoptiske evangelia framstiller nattverden høver det godt. Medan Johannes plasserer samtalen, som har undertonar mot nattverd, i forlenginga av eit bespisningsunder, plasserer synoptikarane den rett før Jesus vert sviken, ført bort og krossfest. Kanskje det ikkje var så viktig for Johannes *korleis* ein eventuelt et og drikk for å ta del i Jesus. Kanskje det var viktigare å knyta linken til jødane sin historie for at dei skulle skjøna, og for å syna eit skilje ved Jesus, nemleg det at det sanne brødet frå himmelen ikkje var det brødet som kom med Moses i øydemarka, men heller direkte frå himmelen i form av Menneskesonen. Johannes 6 er

²³⁶ Greek-English dictionary, 2010

²³⁷ Joh 6, 53-56

eit symbolsk narrativ, som me såg på i kapittel 3 i avhandlinga. Det tyder i prinsippet at narrativet eksisterer for å forklara og syna eit sentralt symbol, og at utviklinga av dette symbolet teiknar opp narrativet.²³⁸

4.6 Kva er nattverd?

Denne avhandlinga fokuserer på kva Johannesevangeliet meiner med Jesus som livets brød, og då særleg med tanke på om det kan sjåast på som nattverd. For å skapa større forståing er det relevant å sjå litt på kva nattverd betyr, og kva funksjon det har som sakrament. Det er ikkje uvanleg å høyra orda ”det er berre eit symbol” når ein talar om sakramenta, eller som Byars framstiller det; ”justasymbol”²³⁹. I eitt ord, for slik kan det høyrast ut når nokon talar om nattverden eller dåpen. Men er sakramenta *berre* ei symbolhandling? Me såg på symbol i delkapittel 2.2 av denne oppgåva, og der såg me at symbol er meir enn berre eit overflatisk teikn. Eit ekte symbol er tett relatert til det som det representerer.²⁴⁰ Dersom nokon stiller seg opp utanfor Stortinget og set fyr på det norske flagget vil truleg folk rundt reagera negativt på det. Då er det ikkje berre eit stoffstykkje i fargane raudt, kvitt og blått som vert sett fyr på, for flagget er eit symbol for noko meir. Eit symbol for fridom, fellesskap, tilhøyre, fred, historie, nasjonalidentitet og andre viktige faktorar flagget representerer. Flagget er eit symbol, men det er sterkt knytt til kjensler og respekt. Kva då med nattverden, er den ”justasymbol”, eller er det meir i den enn det? Byars meiner at for oss i dagens samfunn, så har symbol og røynd vorte skilde. I kyrkjene gjer me det Skriftene framstiller at Jesus bed oss om å gjera. Både dåp og nattverd er kjende element i gudstenestene våre. Men for mange har ”nedgradering” av ”symbol” ført til usikkerheit rundt sakramenta sin verdi, mistenksamheit mot rituelle handlingar, og tvil som kjem frå at det å gjennomføra ”symbolske handlingar” ikkje er nok, men det krev ei djup, spirituell handling mange ikkje er sikre på om dei kan leva opp til. Byars løfter dette fram som eit av dei punkta som gjer at dagens kyrkjer er utfordra av sakramenta.²⁴¹

Nettopp det at sakramenta, kanskje særleg nattverden, kan vera vanskeleg å skjøna seg på, kan vera ein av styrkane til nattverden ved at det gjev kyrkja moglegheita til å samtala med dei

²³⁸ Sjå kapittel 3.1

²³⁹ Byars, 2011: 10

²⁴⁰ Byars, 2011: 11

²⁴¹ Byars, 2011: 11-12

som ikkje skjønar meininga. Både om ein tek imot eller opplever nattverden for første gong, eller har vore med på det mange gongar, vil det for dei fleste vera naturleg på eit punkt å spørja: ”Kva tyder dette?” Byars meiner at riten vil ta til med å tolka seg sjølv etterkvart som det vert gjennomført i samanheng med evangeliet. Denne sjølvtolkinga kan vera intuitiv eller nøye planlagt. Men uavhengig av årsak er det viktig å vera open for å stilla spørsmål. Å spørja om kva noko tyder i nattverden er utruleg viktig, fordi måten spørsmålet vert svart på vil føra oss til hjartet av evangeliet.²⁴² Samstundes er det viktig å hugsa på at verken nattverd eller dåp berre tyder éin ting. Det fell naturleg for ritar å ha mange ulike assosiasjonar inkludert i få ord og handlingar.²⁴³ Ein kan gå i djupna på alle dei ulike assosiasjonane og tydingane av dei, men det vil vera ein prosess som krev mykje arbeid og tid. Det å utforska dei mange meiningane i dåp eller nattverd fører oss til Bibelen. I Bibelen vil ein sjå at det ikkje er noka utvida, detaljert behandling av nokon av dei to sakramenta, som sakrament, verken i enkelttekstar eller i ei bok. I staden peiker Byars på at tradisjonen frå Det nye testamentet som omhandlar dåp og nattverd er utforma i relasjon til Jesus, samt med kunnskap og erfaringar frå Det gamle testamentet. I GT har ein særleg drege erfaring ut frå tekstane som handlar om vatn, brød, vin, vasking, eting og drikking.²⁴⁴ Det er viktig å vera klar over den tydelege linken til Jesus, men òg til tekstar og handlingar i GT. Det har me sett på i denne avhandlingsoppgåva.

Ein annan viktig faktor i forbindelse med sakramenta er Parakleten. Den har me sett ein del på i denne oppgåva, særleg i delkapittel 2.4.2. Den spelar ei viktig rolle i heile Bibelen og den kristne trua.

Som Byars seier: *”Spirit may become manifest in and through persons who are physically present to us, and, indeed, in certain uses of material things such as water, bread, and wine.”*²⁴⁵ For Byars er det ikkje mogleg å sjå på ”ånd og sanning” som motsetnadar til den vanlige, materialistiske verda. Evangelia handlar om at Gud vert menneske: *”Og Ordet vart menneske og tok bustad mellom oss.”*²⁴⁶ Dersom Gud er ånd og ”Ordet” er eit dødeleg menneske, samstundes som det er Gud, då må det vera mogleg å kombinera ånd og det reint fysiske. Ortodoks kristendom har noko av dette i seg ved at den ikkje skil ånd og kjøt frå

²⁴² Byars, 2011: 16

²⁴³ Byars, 2011: 16

²⁴⁴ Byars, 2011: 16

²⁴⁵ Byars, 2011: 10

²⁴⁶ Joh 1, 14

kvarandre som om ånd berre er godt, og kjøt berre vondt.²⁴⁷ Nærleik er viktig, og der spelar parakleten ei nøkkelrolle. Dei bibelske kapitla som handlar om parakleten handlar om Jesus sitt nærvær. For korleis er Jesus livets brød når han ikkje er fysisk tilstade på jorda? Jo, gjennom parakleten – *Sanningsanden*. Det er Anden som knyt himmel og jord saman, i følge Sandnes: ”*Spirit, however, bridges heaven and earth and gives knowledge of heavenly things that the flesh cannot see.*”²⁴⁸

4.7 Jesus som livets brød i Johannesevangeliet: nattverd?

”*Sanneleg, sanneleg, eg seier dykk: Den som trur, har evig liv. Eg er livsens brød.*”²⁴⁹

Tidlegare i kapittelet får folket til svar frå Jesus at den gjerninga Gud vil dei skal gjera er å tru på han som Gud har sendt. I vers 47 vert det understreka at den som trur, har evig liv. Kven er det dei skal tru på? Jo, han som Gud har sendt. Gud sendte noko meir enn det han sendte fedrane deira i øydemarka; Gud sende sin eigen Son²⁵⁰. Jesus var livets brød.²⁵¹ Det brødet menneska skal ta imot, eta og tru på. Ved å gjera det vil ein få evig liv. I vers 54 forklarar Jesus dette endå klarare for jødane: ”*Den som et min kropp og drikk mitt blod, har evig liv, og eg skal reisa han opp på den siste dagen.*” Ved å ta imot det levande brødet, som er Jesus, og tru på han, vil ein få evig liv.

For jødane var det forvirrande at dei skulle eta og drikka kroppen og blodet til Jesus. Både fordi det tilsynelatande er ei grotesk handling, men òg fordi Lova deira forbaud dei å drikka blod.²⁵² I følge Byars er det her viktig å sjå på heilskapen. Referansane til ”kropp” og ”blod” er ikkje meint for å dela Jesus i biologiske eller spirituelle delar, men når ein held kropp og blod saman representerer det ein heil person. Ut frå det kan ein forstå at det Jesus gjev ikkje er noko overnaturlig eller framand, men han gjev seg sjølv. Det er Jesus som vert gjeven.²⁵³ Men talar det for at Kyrkja kan nytta Johannes 6 som grunnlag for nattverd? Er det meir enn berre ein tradisjon for å minnast Jesus? Å eta og drikka brød og vin i nattverden inkluderer noko som er utanfor det som kan uttrykkjast eller forståast med ord. I nattverdshandlinga tek

²⁴⁷ Byars, 2011: 9

²⁴⁸ Sandnes, Karl Olav, 2005: *Whence and Whither A Narrative Perspective on Birth ἀνωθεν (John 3,3-8)*.

Biblica, vol. 86. 2005. Side: 156

²⁴⁹ Joh 6, 47-48

²⁵⁰ Joh 3,16

²⁵¹ Joh 6, 48

²⁵² 3.Mosebok 3, 17

²⁵³ Byars, 2011: 273

me til oss den levande Kristus, og går inn i fellesskap, eller *koinonia*, med han og Faderen, i Anden.²⁵⁴

Det siste der er eit viktig poeng, der ligg nøkkelen til nattverdsforståinga. *Koinonia*, fellesskap med alle menneske og Gud, til alle tider og på tvers av alle grenser. Me har tidlegare i avhandlinga sett på Anden, Parakleten, si rolle i Johannesevangeliet. Kvar er Anden i Jesus sine ord om at ”Den som er min kropp og drikk mitt blod, har evig liv, ...”?²⁵⁵ Alexander Schmemmann, frå den Ortodokse tradisjonen, artikulere nattverdstradisjonen i den tidlege kyrkja og i kyrkjene i Reformasjonen og andre når han skriv at det i nattverden føregår ein slags sakramental ”conversion” - ”omgjering”:

*”...but this conversion remains invisible, for it is accomplished by the Holy Spirit, in the new time, and is certified only by faith. So also the conversion of the bread and wine into the holy body and blood of Christ is accomplished invisibly. Nothing perceptible happens – the bread remains bread, and the wine remains wine. For if it occurred ”palpably”, then Christianity would be a magical cult and not a religion of faith, hope, and love.”*²⁵⁶

Dette er interessante tankar. Her vert tanken om Anden si rolle viktig. Samanknyttinga av tru, Ande og fysiske element teiknar opp ei avhengighet av kvarandre. Brødet og vinen i seg sjølv, er berre brød og vin. Men det er idet Den heilage ande vert verksam i elementa og dei vert tekne imot i tru at den heilage hendinga finn stad. I vers 66 ser me at mange av læresveinane til Jesus, og folk generelt, gjekk frå han på grunn av talen om Jesus som livets brød og nøkkelen til frelse. Dette var altså utfordrande undervisning, sjølv for dei som stod Jesus nær. Så spør Jesus dei tolv læresveinane: ”*Vil de òg gå bort?*”²⁵⁷ Simon Peter er den som svarar i vers 68-69: ”*Herre, kven skulle vi gå til? Du har det evige livs ord, og vi trur og veit at du er Guds Heilage.*”

Denne oppgåva kan verta runda av med Simon Peter sine ord, for dei rommar mykje. Når ein har lært å kjenna noko av Gud sin nære, gode og store kjærleik og nåde i Jesus Kristus, korleis kan ein då gå bort frå det? Sjølv om det ikkje er enkelt å forstå alt, kan det vetle me kan forstå vera for stort og kjærtil at me kan forlata det. Jesus sine ord i Johannesevangeliet er klare:

²⁵⁴ Byars, 2011: 273

²⁵⁵ Joh 6, 54

²⁵⁶ For Schmemmann, sjå Byars, 2011: 274

²⁵⁷ Joh 6, 67

”Eg er livets brød. Den som kjem til meg, skal ikkje hungra, og den som trur på meg, skal aldri tørsta.”²⁵⁸

5.0 Konklusjon

Jesus som livets brød i Johannesevangeliet: nattverd?

Slik lyder problemstillinga for denne avhandlinga. Det er eit stort spørsmål fokuset har vore retta mot, og eg var veldig spent på kvar det skulle enda då eg starta. Ikkje fordi eg ikkje hadde mine hypotesar og meiningar, men meir fordi eg var open for at eg faktisk kunne møte på nokre overraskingar og nye tankar undervegs. Og det har eg gjort. Det er ingen tvil om at arbeidet med denne oppgåva og moglegheita til å gå så i djupna på Johannesevangeliet har gjeve meg mykje. Evangeliet har opna seg på ein ny måte, og eg ser på heile prosessen som ei vandring der læringskurven min har stige enormt. Augo mine har vorte opna for heilskapstanken i evangeliet, og i møte med bibeltekstar og ulik litteratur, samtalar med rettleiar, medelevar og andre har dette semesteret vorte ein periode der Johannesevangeliet har fått levd saman med meg. Det har gjeve meg mykje. Linkane mellom dei ulike hendingane i evangeliet, haldningane blant folk og måten Jesus møtte menneske og representerte noko meir enn seg sjølv på, har vore interessante å gå inn i. På same måte har det å sjå på relasjonane i evangeliet og oppdaga kor viktig det er for oss i dag óg, vore med på å forma og utvikla meg gjennom arbeidet med oppgåva. Eg har vorte meir observant på dei ulike nivåa i evangeliet, og eg har fått tid til å *gå inn* i dei ulike nivåa og sjå kva som skjuler seg der. Det er eg utruleg takksam for.

Denne avhandlinga har vore ei vandring. Me har vorte kjend med Johannesevangeliet sine viktige komponent når det kjem til symbolske narrativ og måten dei særeigne elementa i evangeliet spelar ei avgjerande rolle for teologien. Gjennom å danna ei forståing av evangeliet si heilskapsforståing vart det etablert ei forståing av Johannes sin måte å tenkja, skriva og uttrykkja teologi på. Det har vore heilt avgjerande for å koma nærare til å forstå kva innhaldet i Johannes 6 *eigentleg* handlar om. Symbola spelar ei stor rolle i evangeliet, og det har vore viktig å gå djupare inn i dette. Samstundes er ein nøkkel til å skjønna teologien og narrativa i Johannesevangeliet å setja seg inn i det utvida perspektivet. Det inkluderer både den utvida

²⁵⁸ Joh 6,35

lesarkrinsen og parakleten. Me har vore vitne til at Parakleten må med for å knyta saman forståinga av Jesus, teologi og verda, ja, eigentleg heile frelsestanken. Særleg for teksten vår i Johannes 6 er Parakleten viktig. Alt heng saman, og er til for ein grunn. Dei symbolske narrativa utgjer ein stor del av evangeliet, ein veldig viktig del. Difor har dei fått stor plass i denne oppgåva. Misforståingane i evangeliet spelar ei viktig rolle i dei symbolske narrativa, difor har desse vorte framstilt saman.

Så er det viktig å understreka utviklinga me har vorte betre kjend med gjennom denne oppgåva. I dei symbolske narrativa skjer det ei utvikling som peikar utover samtida og dei menneska som er inkluderte i narrativet. For gjennom dei symbolske narrativa, orda som vert tillagt Jesus og rolla til Parakleten ser me at det skjer ei utvikling slik at dette spelar ei rolle for komande generasjonar. I lys av det har me sett nærare på Jesus som livets brød i Johannes 6 for å sjå om det kan lesast som nattverd eller ikkje. Linken vert dratt frå jødane sine gamle skrifter. Me føl tett utviklinga frå livgjevande manna i øydemarka, via Visdomen i Toraen, og til Jesus som livets brød – det brødet som gjev evig liv. Frå der har me òg sett korleis Parakleten knyt dette saman med generasjonane som kom etter. Johannes 6 er relevant og viktig i dag. Nattverden inviterer menneske i dag, og til alle tider, til å koma til han som er livsens brød, ta imot, eta kroppen, drikk blodet, tru på han. Slik vil ein få del i Jesus, og Jesus vert verande i den som tek i mot.

Svaret på problemstillinga

Jesus som livets brød. Før var dette berre ein frase for meg, relativt tomme ord som eg hørde andre – og meg sjølv – seia utan å nødvendigvis ha stor kunnskap om kva som ligg i dei. Men no er orda fylte med meir innhald og forståing. Perspektivet mitt er utvida, det gjev mening. Men eit heilt konkret svar på problemstillinga har eg ikkje funne. Likevel har mange svar, tankar og auka forståing dukka opp. I tillegg til fleire spørsmål.

”Eg er livsens brød. Den som kjem til meg, skal ikkje hungra, og den som trur på meg, skal aldri tørsta.” Disse orda vert tillagt Jesus i Johannes 6, 35. Store ord som sprenger grenser, inkluderer alle menneske som kjem til Jesus og trur på han – på tvers av etniske grenser, alder, kjønn, bakgrunn, og andre hinder me menneske ofte tillegg oss sjølv og kvarandre. Ved å koma, tru og ta imot får me del i det evige livet som ligg der framme. Men så får me ta del i det no i tillegg. I vers 51 står det: *”Eg er det levande brødet som er kome ned frå*

himmelen. Den som et av dette brødet, skal leva til evig tid. Og det brødet eg vil gje, er kroppen min som eg gjev til liv for verda.” Levande, ikkje død. Aktiv, ikkje passiv. Brødet er kome ned frå himmelen, og det kjem stadig, for at menneska skal få eta av det. Og den som tek i mot brødet skal leva til evig tid. Ikkje på grunn av at ein et eit fysisk brød, men fordi det brødet ein tek i mot, kjem til og trur på er Jesus Kristus som ofra sitt eige liv for at menneska skal kunne få frelse. Det er nøkkelen. Det handlar om så mykje meir enn å stilna ein fysisk svolt, som jødane i Johannes 6 trudde, det handlar om å søkja etter evig liv, og faktisk finna det i kjelda – i kjelda for evig liv, levande vatn og levande brød.

Det er her nattverden er viktig. I nattverdshandlinga i mange kyrkjer verda over i dag møter Anden brødet og vinen, og det vert ete og drukke til minne om Jesus Kristus og det at han gav kroppen sin, gav seg sjølv, til frelse for alle folkeslag. Det er viktig å understreka at Johannesevangeliet *ikkje* har fokus på at ein skal eta og drikka til minne om Jesus. Det ordet vert ikkje nemnd i Johannes 6, vers 25-58. Ein tek i mot i tru, og dersom Anden er verksam vil det føra til at ein vert verande (*menon*) i Jesus, og Jesus i den som et og drikk.²⁵⁹ Så ser me gjennom orda Jesus seier, i følgje Johannesevangeliet, at Jesus tek folket gjennom ei utvikling. Frå å heilt fysisk metta folkemengda med brød, til at det er Jesus sin eigen kropp og blod som skal stilna svolten og gje evig liv. Jesus gjev seg sjølv for andre si frelse. Ein kjem Gud nær i Jesu si handling. Gud er i kroppen og blodet, i brødet og vinen.

Er det eit symbolsk nærvær, i blod og kropp, eller er det faktisk konkret i nattverdsmåltidet? I delkapittel 4.5 såg me at Johannesevangeliet brukar ordet *trågå* når det skildrar kva folket vert oppmoda til å gjera når dei skal ”eta” kroppen. *Trågå* er veldig konkret og tyder ”eta” eller ”tyggja”. Ved å vera så konkret kan ein tolka Johannes slik at dette ikkje berre er eit symbol, men faktisk noko fysisk som skal gjerast. Johannesevangeliet nyttar ikkje omgrepet ”til minne om”, men set det å eta og drikka Jesus sin kropp og blod som noko ein *skal* gjera for å ta del i Jesus og Jesus i den som et og drikk. Ei viktig handling for trua.

Slik det vekkjer vonde kjensler i oss om nokon brenn det norske flagget, sjølv om det ”berre” er eit symbol,²⁶⁰ er det litt på same måte med nattverden. Den vert kanskje av nokre tolka som ”berre” eit symbol. Men gjennom arbeidet med denne avhandlinga klarer eg ikkje å sjå på den som ”berre” eit symbol. I Johannesevangeliet står Jesus som livets brød i eit symbolsk

²⁵⁹ Joh 6,56

²⁶⁰ Byars, 2011: 10

narrativ, og symbolbruken er absolutt til stades, likevel er det så mykje som talar for at forfattaren framstiller det å eta og drikka Jesu kropp og blod som noko ekte, konkret og ikkje berre til ”minne” om Jesus. Ein kan sjølvsagt ikkje heilt fysisk eta Jesus sin kropp – den er vekke for lenge sidan – men i møtet mellom Anden, brød, vin og tru får ein likevel del i Jesus sin kropp og blod ved å ta imot. Nattverden representerer Jesus Kristus og det han gjorde for alle menneska. I heile verda, til alle tider. Det representerer fridom, frelse, kjærleik, nåde, tilgjeving, fellesskap, og mykje meir. Det representerer Gud si gåve til menneska. Men ikkje berre representer nattverden noko; det lét oss òg få ta del i frelsa. Me vert inkluderte. Kanskje det ”berre” er eit symbol for nokre, men symbol har ein enorm verdi fordi dei representerer noko større. I tillegg er det noko meir i nattverden for kristne. Det er vanskeleg å ta imot den utan å tenkja at Den heilage ande er i den, og at der Anden er tilstade, i noko heilt, konkret og verdsleg, der skjer det noko guddommeleg. Det vert meir enn eit symbol. Det vert heilagt; eit heilagt sakrament.

Det første som skjer i Johannes 6 er at Jesus mettar fem tusen menneske med to fiskar og fem brød. Eit stort under som i tillegg understreka at dette var fysisk mat, men folket skulle arbeida for den maten som varer og gjev evig liv, den som Menneskesonen skal gje dei²⁶¹ - i motsetnad til den maten Jesus gav dei i brødunderet. Menneskesonen og Jesus er den same, men bespisningsunderet er ein peikepinn på kva Menneskesonen hadde komen til jorda for å gjera; nemleg forsørgja alle som kjem til han og trur på han med det brødet som gjev evig liv.

På framsida av denne avhandlinga er det eit mosaikkbilete. Det er henta frå ei kyrkje i Tabgha, Galilea. Denne mosaikken er ein del av kyrkjegolv, og ber med seg ein djup, symbolsk verdi. Det er bilete av to fiskar og fire brød. Det femte brødet, det brødet som manglar i mosaikken, er Jesus sjølv. Det brødet me finn igjen i nattverden.

*”Eg er livsens brød. Den som kjem til meg, skal ikkje hungra, og den som trur på meg, skal aldri tørsta.”*²⁶²

Livets brød som inkluderer alle folk, til alle tider, eit utvida perspektiv.

²⁶¹ Johannes 6, 27

²⁶² Johannes 6, 35

6.0 Litteraturliste

Kjelder:

Bibel 2011, Oslo; Bibelselskapet, 2011.

Nestle-Aland, *Novum Testamentum Graece*, 28. utgåve. Deutsche Bibelgesellschaft.

The New Revised Standard Version Bible, 1989: American Bible Society

Litteratur:

Beasley-Murray, George R., *Word Biblical Commentary, Volume 36, John*. Word Books, Publisher, Texas. 1987.

Borgen, Peder, *Bread from Heaven. An Exegetical study og the concept of manna in the Gospel of John and the writings of Philo*. Leiden, The Netherlands; E. J. Brill. 1981

Bruner, Frederick Dale, *The Gospel of John. A Commentary*. Michigan/Cambridge, U.K.; Grand Rapids, 2012.

Bultmann, Rudolf, *The Gospel of John. A Commentary*. Oxford; Basil Blackwell, 1971

Byars, Ronald P., *Interpretation, Resources for the Use of Scripture in the Church. The Sacraments in Biblical Perspective*. Lousville, Kentucky; Westminster John Knox Press, 2011

Culpepper, R. Alan, *Anatomy of the Fourth Gospel. A Study in Literary Design*. Philadelphia; Fortress Press, 1982

Hvalvik, Reidar og Stordalen, Terje, *Den store fortellingen. Om Bibelens tilblivelse, innhold, bruk og betydning*. Oslo; Det Norske Bibelselskap, 1999.

Keener, Craig S., *The Gospel of John. A Commentary*. Massachusetts; Hendrickson Publishers, Inc. 2003

Koester, Craig R., *Symbolism in the Fourth Gospel. Meaning, Mystery, Community*, Fortress Press, 2003

Koester, Craig R., *The Word of Life. A theology of John's Gospel*, Michigan/Cambridge, U.K; Grand Rapids, 2008.

Lee, Dorothy A., *The Symbolic Narratives of the Fourth Gospel. The Interplay of Form and Meaning*, Sheffield Academic Press, 1994.

Moe, Olaf og Wisløff, Fredrik, *Fortolkning til Johannes-evangeliet*, Oslo: Lutherstiftelsens Forlag og Lunde Forlag, 1969

Moloney, Francis J, *Sacra Pagina. The Gospel of John. Volum 4*. Minnesota; The Liturgical Press, 1998.

Smith, D. Moody, *John among the Gospels*. Second edition, University of South Carolina Press, 2001

Oppslagsverk:

Deutsche Bibelgesellschaft, Prepared by: Newman, Barclay M. *Greek-English Dicitonary of The New Testament. Revised Edition*. Stuttgart, 2010.

Sandnes, Karl Olav. *Whence and Whiter. A Narrative Perspective on Birth ἀνωθεν (John 3,3-8)*, Biblica, årgang 86, år 2005, s.153-173

Elektroniske kjelder:

Framsidedfoto er henta frå wikiwand.com/tabgha, 9.desember 2016. Bilete er tilgjengeleg for alle. Fotokreditt: Berthold Werner.